NAMSOS SAMFUNNSHUS

02 KUNNSKAPSHEFTE

Iben Elise Haug og Kristi Mo Storaas

Diplomoppgåve våren 2026
AAR4990 Master i arkitektur
Fakultet for arkitektur og design
Noregs teknisk- og naturvitskapelege universitet

TITTEL
Namsos samfunnshus

UNDERTITTEL
Transformasjon av eit gjenreisingsbygg

STUDENTAR
Iben Elise Haug og Kristi Mo Storaas

RETTLEIAR
Thomas Haupt

HEFTE
01 Forarbeid
02 Kunnskapshefte
03 Prosjekt
04 Prosesshefte

Det er utført oppmåling, analysar og utforsking av det eksisterande bygget, som til slutt resulterer i eit teikna prosjekt. Kunnskapsgrunnlaget vert presentert i dette heftet, medan sjølve prosjektet er å finna i 03 Prosjekt.

Samanhengen er enklast å forstå dersom hefta vert lest i kronologisk rekkefylgje.

Bilete på framsida: L.S | Mittet & Co. AS[1]

Heftet sitt format er ståande A4 og eventuelle målestokkar fylgjer dette.

Om ikkje anna er oppgjeve, er alt materiale produsert av kandidatane.

Diplomoppgåve våren 2026
AAR4990 Master i arkitektur
Fakultet for arkitektur og design
Noregs teknisk- og naturvitskapelege universitet NTNU

INNHALDSLISTE

01 INTRODUKSJON 4
Bakgrunn for oppgåva 6
Problemstilling 7

02 HISTORIE 16
Namsos si historie 20
Samfunnshus som typologi 31
Historia til Samfunnshuset 33
Det originale programmet 34
Endringar gjennom åra 51
Vernedebatt og freding 54
Tidslinje 56

04 I DAG 58
Dagens situasjon 60

04 ANALYSE 122
Samandrag 125
Bygningen utvendig 126
Bygningen innvendig 130
Fargar 132
Bygningsarkeologiske spor 136
Arkitektonisk analyse 142
Teknisk tilstand 158
Symptom 164
Verdivurdering 170
Potensiale 174

05 PROSESS 176
Prosess og metode 179
Metodekritikk 180

06 KONKLUSJON 182
Vegen vidare 185

07 KJELDER 192

01 INTRODUKSJON

BAKGRUNN FOR OPPGÅVA

Dette prosjektet byrja med at Namsos kommune tok kontakt med NTNU og spurde om nokon kunne tenkja seg å arbeida med samfunnshuset i byen. Me søkte det opp, og dei første bileta interesserte oss umiddelbart: Eit særeige modernistisk bygg – midt i Namsos sentrum? Etter kvart som me las oss inn på historikken og den langvarige debatten om riving, vart interessa større.

Samfunnshuset er teikna av Arne Aursand og Herman Krag og stod ferdig i 1961. Det er eit tydeleg døme på gjenreisingsarkitektur, både i form og i funksjon: bygget vart reist som eit samlingslokale for byen, ei ramme for alt frå store tilskipingar til små samankomstar. Med åra har bruken endra seg gradvis, og i dag står huset på papiret tomt.

Lang tids manglande vedlikehald har sett spor, og bygget treng no ei skikkeleg opprusting. Etter år med debatt om vegen vidare, vart rivingsspørsmålet lagt død då Riksantikvaren i 2023 gjekk inn for å freda delar av huset. Men fredinga løyser berre éin del av floka. For kva skal huset brukast til? Korleis skal det rustast opp utan at kvalitetane går tapt? Det er her spørsmålet står for Namsos kommune i dag, og det er her oppgåva vår tek til.

For Samfunnshuset er ei arkitektonisk perle: unik i arkitektonisk utforming, i den bymessige samanhengen det står i, og ikkje minst i historia det ber på. Mange kjenner ikkje varmt for gjenreisingsarkitekturen. Den er grå, einsformig og stygg, seier dei. Me meiner den har stort potensial. Ein stor del av den norske bygningsmassen er frå etterkrigstida, og desse bygga kjem til å stå lenge enno. I eit berekraftig perspektiv er det avgjerande at me lærer oss å sjå, og å visa fram, dei arkitektoniske kvalitetane som finst der.

Det har vore fleire skisseprosjekt og scenarioutgreiingar for Samfunnshuset opp gjennom åra, med svært ulike framlegg: full ombyggjing til rådhus, delvis riving, full riving. Me meiner huset skal få fylla den opphavelege rolla si – som eit hus for fellesskapet – men på ein måte som svarar til samtida. Vern utan oppgradering er ikkje eit alternativ – bygget må rustast opp for å kunna leva vidare. Prinsippet me har arbeidd etter er at desse endringane skal auka verdien av huset, ikkje forringa den.

Samfunnshuset høyrer til ein typologi som har vore sentral i norsk etterkrigstid: staden der bygda eller byen kom saman. I ei tid der stadig meir av livet utspelar seg på skjerm, trur me dei fysiske møteplassane vert viktigare, ikkje mindre viktige. Samfunnshuset i Namsos kan vera ein slik stad – og denne oppgåva er eit forsøk på å visa kvifor det er verdt å kjempa for.

PROBLEMSTILLING

KORLEIS KAN EIN GJERA SAMFUNNSHUSET I NAMSOS RELEVANT I DAG?

Korleis kan ei arkitektonisk prosjektering bidra til å synleggjera og vidareutvikla potensialet i Namsos samfunnshus?

Kva arkitektoniske kvalitetar finst i Samfunnshuset i dag og korleis kan ein ivareta dei samstundes som ein tillegg bygningen ny funksjon?

Kva er bygningen sitt tekniske utgangspunkt, og korleis kan me gjera eigna tiltak for energioppgradering og forbetra universell utforming, inneklima og ventilasjon?

Fungerer Samfunnshuset i bybiletet i dag?

Flyfoto over Namsos sentrum i 2024. Foto: Skjermdump frå Google Maps (© Google, 2024).[2]



Aksonometri av huset.



Samfunnshuset i 1971. Foto: Felles-Avisa[3]

NAMSOS SAMFUNNSHUS

Adresse:	Abel Meyers gate 12, 7800 Namsos
Gnr./bnr./fnr.:	65/1021/0
Byggjeår:	1961
Arkitekt:	Arne Aursand og Herman Krag
Noverande eigar:	Namsos kommune
Noverande formål og bruk:	Nokre lokale vert leigd ut til frivillige lag, mykje står ubrukt
Tidlegere formål og bruk:	Rådhus, bibliotek, basseng, kino, salar til arrangement, kafé, butikklokale
Tomtestorleik:	1 995 m^2
Bebygd areal (BYA):	1 940 m^2
Bruksareal (BRA):	Om lag 4 500 m^2
Vernestatus:	Fasadar, foajé og festsal er oppe til freding
Kontekst:	Samfunnshuset ligg i Namsos, og saman med kyrkja rammar det inn Festplassen – det sentrale torget i byen. Som ein del av den etablerte kvartalstrukturen tek huset opp eit heilt kvartal. Bygningen er utforma som tre kubiske volum med ulik høgd. Baksidefunksjonar ligg mot nord, medan hovudinngangane er plasserte på sør- og vestfasaden.
Bygningsskildring:	Konstruksjonen består av søyler, bjelkar og dekke i betong. To av fløyane har to etasjar og siste fløy har fire etasjar. Det er kjellar under det meste av huset. Fasaden er i kvit puss med dekorative mørke striper. Ytterveggane endar i ein parapet, kledd i mørkt blekk. Taket er kledd i svart asfaltpapp. Det er overbygg over kontorfløya og midtfløya. Vindauga er for det meste tolags glas med teakrammer, med varierande oppdeling.
Prosjektperiode:	26. januar - 22. mai 2026
Registreringsperiode:	2. - 6. februar 2026
Dato:	07.06.2026
Oppdragsgjevar:	NTNU og Namsos kommune
Studentar:	Iben Elise Haug og Kristi Mo Storaas

Vestfasaden til Samfunnshuset ein februardag i 2026.

02 HISTORIE



Situasjonsplan over Namsos 1:20 000

NAMSOS

Innbyggjartal: 8 422
Kommune: Namsos kommune
Fylke: Trøndelag fylkeskommune
Areal: 1 998 km^2

NAMSOS SI HISTORIE

Kystbyen Namsos ligg inst i Namsfjorden i Trøndelag, ved utlaupet av elva Namsen. I dag har kommunen kring 15 000 innbyggjarar, og ein stor del av desse bur i og rundt sentrum.[4] Historisk sett er byen aller mest kjend for sin omfattande trelasthandel, men har dei seinare åra profilert seg sterkt som Noregs «rockehovudstad» med kjende artistar som D.D.E og Åge Aleksandersen.

TIDLEG HISTORIE

Namsos fekk status som ladestad i 1845, og utvikla seg raskt til å verta eit viktig knutepunkt for trelasthandel.[5] På denne tida bestod området av eit par bygg, og knapt 20 innbyggjarar.[6] Allereie i 1846 var eit utkast for stadens fyrste reguleringsplan klart. Denne innebar blant anna ein skjematisk sjakkbrettplan, med gater orientert nord-sør og aust-vest. Gatene skulle plantast til med tre og ha jamn breidd.[7]

Namsos rundt år 1890, då Namsos bar synlege spor av å vera ein sagbruksby. Foto: Erik Olsen[45]

Dei fyrste åra etter etableringa opplevde byen rask vekst, men utviklinga vart fleire gonger avbroten av katastrofar. I 1872 braut den fyrste store bybrannen ut, som øydela 80 prosent av busetnaden - inkludert kyrkja og byen sitt trelastlager.[8] Gjenoppbyggjinga tok tid, men førte samstundes med seg eit aukande behov for arbeidsfolk, og byen opplevde ei betydeleg folkeauke. I 1897 vart sentrum igjen ramma av brann.[9] Denne gongen gjekk gjenoppbygginga raskare, på grunn av at trelastlagera ikkje vart ramma. Byen fekk no eit meir levande sentrum, med butikkar, kontor, kaféar og restaurantar. Fasadane vart utforma med store speglglasvindauge mot gata, og det vart innført strengare krav til brannsikring. Dette innebar blant anna murtvang i sentrum, og krav om ein avstand på minimum fem meter mellom bygningane.[10]

For å gje eit bilete på Namsos sin sterke vekst etter etableringa, kan me sjå på Namsos kino. Allereie i 1905 fekk Namsos eigen kino, berre ti år etter verdas fyrste kinovisning i Paris. To privateigde kinoar vart etablerte, av desse ein som hadde eit eige orkester på åtte personar til å akkompagnera stumfilmane.[11] I 1922 overtok kommunen drifta av kinoane, og dei investerte store summar i teknisk utstyr. Etter innføringa av lydfilm i 1931 auka interessa ytterlegare.[12]

KRIG OG ØYDELEGGJING

Den 20. april 1940 vart Namsos bomba av tyske fly, i eit angrep som gjekk føre seg heile dagen. Nesten heile sentrum vart øydelagt: 207 bygg vart totalskadd og 217 hus fekk omfattande skadar. Alt av infrastruktur, som vatn, kloakk og elektrisitet, vart øydelagt.[13] Ein reknar no byen for å vera blant dei hardast råka byane under andre verdskrig. I etterkant av angrepet oppstod det engelske uttrykket «to namsosify», som eit omgrep på total øydeleggjing.[14]

Årsaka til angrepet var byen si strategiske plassering. Etter den tyske invasjonen 9. april vart det ikkje sett i land tyske styrkar i Namsos, og byen vart av den grunn sett på som ein strategisk stad for allierte styrkar. Difor vart det sendt franske og britiske troppar til Namsos, for å etablera ein front mot den tyske invasjonen lengre sør i Trøndelag.[15] I dagane i forkant av angrepet vert det estimert å ha vore 8000 allierte soldatar i regionen, mot 2000 tyske.[16]

Bombinga gjorde havna ubrukeleg for landsetjing av soldatar, og dei allierte styrkane trakk seg ut av byen 3. mai. Dagen etter rykka tyske troppar inn i Namsos, og Namsos vart verande okkupert fram til frigjeringa.[17] Under okkupasjonen vart det grave ein kanal tvers over sentrum av byen, på folkemunne kalla «Den engelske kanal», for å hindra framrykking av eventuelle allierte stridsvogner.[18]

Namsos sentrum sett fra Klompen, våren 1940. Foto: Schrøder [46]

GJENREISING

Gjenreisinga av Namsos kom i gang for alvor sommaren 1946, blant anna markert ved eit stort besøk av Kong Haakon. Kort tid etter fylgde kronprins Olav og statsminister Einar Gerhardsen.[19] Arbeidet starta med å heva gatenivået for å sikra kjellarane mot flaum, samstundes som midlertidige brakkebyar vart etablerte for å oppretthalda sentrumsfunksjonar.[20] Blant dei fyrste bygga som vart reist, var ei kinobrakke med 360 sitjeplassar.[21] Finansieringa av gjenreisinga kom frå lokale, nasjonale og svenske bidrag.[22]

Arbeidet med den nye byplanen vart utført av Brente staders regulering (BSR), som mellom 1940 og 1952 utarbeida nye reguleringsplanar for totalt 27 krigsherja byar i Noreg. I tillegg til Namsos var Steinkjer, Bodø, Molde og Kristiansund óg blant byane som fekk tydeleg preg av dei nye planene til BSR.[23] Arbeidet vart leia av professor Sverre Pedersen, med arkitektane Arne Aursand og Asbjørn Rønning som sentrale bidragsytarar i Namsos.[24] Utgangspunktet deira var ein nærast totalt utsletta by, med berre nokre få murbygg att etter bombinga.[25]

Den nye planen vidareførte det opprinnelege sjakkbrettmønsteret, men utvida gatebreidda enkelte stader. Den sentrale handlegata Havnegata vart no 17 meter brei, og Abel Meyers gate vart utforma som ei 19 meter brei promenadegate med grøntinnslag.[26] Det vart lagt stor vekt på å danna eit heilskapeleg bybilete, med enkle, regelmessige bygningsformer. Aust i byen vart det oppførte bustadområde i tre, medan vest fekk større forretningsbygg i mur.[27] Kombinasjonen av tre og mur vart sett som passande for å skape ein heilskap. Industrien vart halden utanfor sentrum.[28]

Då kyrkja vart ferdig i 1960, og Samfunnshuset i 1961, vart gjenreisinga av byen sett på som ferdig.[29] Særleg Samfunnshuset fekk stor betydning som sosialt og kulturelt samlingspunkt.

UTVIKLING I NYARE TID

I etterkrigstida har det ikkje eksistert ein heilskapeleg kommunal strategi for å verna gjenreisingsarkitekturen i Namsos.[30] Ombyggjing, nye materiale og endringar i fasadar har gradvis gjeve byen eit meir samansett og fragmentert uttrykk.[31] Likevel er vegnettet i stor grad bevart, og utgjer fortsatt ein tydeleg struktur i bybiletet. På grunn av si historie er byen i dag oppført på Riksantikvaren si liste over verneverdig etterkrigsarkitektur[32]; ein kunnskapsbank Riksantikvaren har etablert for å sikra berekraftig forvaltning av kulturmiljø av nasjonal interesse.[33]

Namsos har òg utvikla seg til å verta ein sentral kulturby, godt kjent for si rolle i Noreg si rockehistorie - med artistar som Åge Aleksandersen, D.D.E og Terje Tysland som bidragsytarar. Etableringa av Rock City i 2011 styrka denne posisjonen, sjølv om drifta i seinare tid har vorte redusert.[34] I dag vert anlegget blant anna brukt til kino, konferansar, seremoniar og kommunestyremøte, samstundes som bygningen òg har ei utstilling om trønderrocken si historie.[35] Kommunen driftar fleire av desse funksjonane, men dei står utan ny leigekontrakt hjå Rock City etter 2031.[36]

Byen rommar òg fleire museum, blant anna Namdalsmuseet og Sagbruksmuseet, som formidlar lokal historie og trelasttradisjon.[37] Kulturhuset frå 1988 fungerer som ein sentral arena for bibliotek, galleri og arrangement, medan Nord universitet tilbyr høgare utdanning innen helse- og sosialfag.

PLANAR FOR SENTRUM OG FELLESPROSJEKTET

I 2023 vedtok kommunen ein ny reguleringsplan for sentrum, ofte berre omtalt som «sentrumsplanen».[38] Planen legg vekt på å ivareta byen sin historie som gjenreisingsby, samstundes som den opnar for vidare utvikling.[39] Han tek blant anna sikte på å styrka forholda for fotgjengarar og syklistar, forbetra kollektivtilbodet og utvikla nye grøntareal.[40] Det vert òg stilt krav til arkitektonisk utforming, for å sikra ein heilskap i framtidig utbyggjing.[41]

Parallelt arbeidde kommunen med det såkalla «Fellesprosjektet»; eit planlagt nybygg som skulle samla sentrale funksjonar som skule, innvandrarteneste, bibliotek, kulturskule, kino og museum.[42] Prosjektet skulle byggjast ved Klingavegen 2, på austsida av Samfunnshuset, og hadde mål om å skapa ein inkluderande møtestad og meir liv i sentrum.[43] Sommaren 2025 vart det likevel klart at prosjektet ikkje kom til å bli realisert. Dermed står kommunen fortsett utan ei avklart løysing for fleire viktige kommunale funksjonar, blant anna kino og seremonirom.[44]

Visualisering av Fellesprosjektet. Illustrasjon: Henning Larsen Architects[47]

Namsos sett frå lufta i 1936. Foto: Ukjend fotograf[48]



Havnegata i 1936. Foto: Ukjend fotograf[49]

Kyrkja og Festplassen rundt 1930. Etter bombinga i 1940 vart det bygd ei ny kyrkje. Foto: Ukjend fotograf[50]

Ungar på ski gjennom Havnegata ein snørik dag i 1930. Foto: Birger Dahl[51]



Kyrkja og Festplassen etter bombinga våren 1940. Foto: Berlingske tidende[52]

I 1941 var framleis ein utbomba by. Foto: Per Renbjør[53]



Livleg trafikk og handel i butikkane langs Havnegata på 1990-talet. Foto: Axel Sellæg[54]

Folkeliv rundt Festplassen under den årlege Martnan i 1970. Foto: Birger Dahl[55]

Vestfasaden på Samfunnshuset i 1961. Foto: Birger Dahl[56]

SAMFUNNSHUS SOM TYPOLOGI

Samfunnshus er ein bygningstype som oppstod i Noreg i etterkrigstida, i takt med utviklinga av velferdsstaten.[57] Samfunnshusa skulle romma ulike aktivitetar under same tak, som kulturarrangement, møte, kurs og fritidsaktivitetar, og fungerte difor som viktige sosiale knutepunkt i lokalsamfunn over heile landet. Dei vart utvikla som ein felles møtestad for befolkninga, for å leggja til rette for demokrati, deltaking og sosialt fellesskap.[58]

HISTORISK BAKGRUNN

Bakgrunnen for samfunnshusa kan sporast attende til 1800-talets organisasjonsliv. I denne perioden vaks det fram ei rekkje frivillige lag og foreiningar som hadde behov for eigne møtelokale. Dette førte til etableringa av mellom anna bedehus, ungdomshus og Folkets Hus. Særleg Folkets Hus-rørsla, som var knytt til arbeidarrørsla, spelte ei sentral rolle i utviklinga av forsamlingslokale for politiske, sosiale og kulturelle aktivitetar.[59]

Samfunnshuset vidareførte denne tradisjonen, men med ei breiare målsetjing. I staden for å vere knytt til spesifikke organisasjonar eller politiske miljø, skulle samfunnshuset vere eit inkluderande bygg tilgjengeleg for heile befolkninga, uavhengig av bakgrunn og eventuell partitilhøyrsle.

FUNKSJON OG INNHALD

Samfunnshusa vart utforma som fleirfunksjonelle bygg. Dei kunne innehalda mellom anna teatersal, kino, bibliotek, møterom, kafé og ulike rom for kurs og hobbyaktivitetar.[60] Mange stader vart òg administrative funksjonar, som rådhus eller kommunale kontor, lagde til same bygning.[61]

Føremålet var å samla ulike delar av samfunnslivet på éin stad. På denne måten skulle samfunnshuset bidra til auka kontakt mellom menneske og styrkja det lokale fellesskapet. Bygningane fungerte difor både som kulturarenaar og som sosiale møtestader.

ARKITEKTUR OG PLASSERING

Samfunnshusa bar i stor grad preg av etterkrigstida sitt modernistiske arkitekturideal. Dei var ofte funksjonelle og nøkterne i uttrykket, samstundes som dei hadde ein tydeleg offentleg karakter.[62] Materialbruk som betong, tegl og naturstein var vanleg, og bygga vart gjerne utforma for å vera robuste og varige.[63]

Plasseringa av samfunnshusa var òg viktig. Mange vart lagde sentralt i byar og tettstadar, ofte i nærleiken av torg, kyrkje eller rådhus. Dette understreka rolla deira som samlingsstad og gjorde dei lett tilgjengelege for befolkninga.[64]

NYE VARIANTAR OG VIDAREFØRING

Sjølv om dei tradisjonelle samfunnshusa ikkje nødvendigvis står like sterkt i vår tid, vert grunnideen vidareført i andre typar bygg. Moderne bibliotek, kulturhus og fleirbrukshus har mange av dei same funksjonane, med opne møtestader, arrangement og aktivitetar for ulike aldersgrupper. Desse bygga byggjer vidare på prinsippet om tilgjengelegheit og fellesskap, og viser at grunnideen til samfunnshuset framleis er relevant.

SAMFUNNSHUSET I DAG

I dag har mange samfunnshus endra funksjon eller mista noko av den opphavlege tydinga si. Samstundes er behovet for fysiske møtestader framleis til stades. Moderne samfunn vert i aukande grad prega av digital kommunikasjon og meir individualiserte livsformer, noko som gjer tilgangen til fellesarenaar viktig for sosial kontakt og deltaking.

For å halda seg relevante må samfunnshusa tilpassast dagens behov. Dei har stort potensiale for å igjen vera sentrale arenaar for kultur, frivilligheit, læring og integrering, og bidra til å skapa inkluderande lokalsamfunn. Samstundes står fleire av desse bygga overfor utfordringar knytta til betongforvitring, mangel på universell utforming og slitasje.

Samfunnshuset kan forståast som både eit historisk fenomen og eit uttrykk for ein breiare samfunnsidé. Det representerer trua på at fysiske møtestader er viktige for å utvikle fellesskap og demokratiske verdiar. Sjølv om form og innhald har endra seg over tid, er kjernen i samfunnshuset framleis aktuell – å tilby ein stad der menneske kan møtast, delta og vera ein del av eit større fellesskap.

Samfunnshuset under oppbyggjing på slutten av 1950-talet. Foto: Namsos samfunnshus[65]

HISTORIA TIL SAMFUNNSHUSET

ARKITEKTAR

Samfunnshuset vart teikna av Herman Krag og Arne Aursand. Krag var professor ved NTNU, og dreiv eigen praksis i Trondheim. Ved sida av Namsos samfunnshus er han kjent for å ha teikna blant anna Nordenfjeldske kunstindustrimuseum, Moholt studentby og den no rivne Siemens-blokka.[66]

Aursand dreiv eigen praksis i Namsos, og vert sett på som hovudarkitekten bak Samfunnshuset.[67] I tillegg til å ha teikna fleire sentrale bygg i Namsos, blant anna Aursandgården og Namsos Athenæum[68], var han ein sentral person i arbeidet med BSR mellom 1941 og 1946.[69]

PLANLEGGJING OG FINANSIERING

Før sjølve bygginga av Samfunnshuset kunne byrja, gjekk det føre seg eit omfattande planleggjingsarbeid over meir enn 10 år, prega av politiske diskusjonar og eit tett samarbeid mellom nokre sentrale aktørar i Namsos.[70]

Prosjektet utvikla seg til eit stort spleiselag, der særleg fagrørsla og Arbeidarpartiet spela ei avgjerande rolle i å etablera det økonomiske grunnlaget. Den kommunale kinoen bidro òg med ein vesentleg sum.[71] Sidan 1940 hadde kinoen opparbeida seg eit solid fond på kring 200 000 kroner, og gav halvparten til finansieringa av sjølve bygget og resten til ei eksklusiv innreiing av kinolokalet. Frå fagrørsla vart krigserstatningane frå Folkets Hus, saman med fleire mindre bidrag, samla inn som eigenkapital og utgjorde eit tilsvarande beløp.[72]

Utan innsatsen frå både fagrørsla og kinoen hadde det vore vanskeleg for kommunen å realisera både kyrkja og Samfunnshuset til same tid. Lutlaget som vart etablert bestod fram til kring 2010, då kommunen vart ståande som eineeigar av Samfunnshuset.[73]

BRUK

Samfunnshuset har i alt kring 190 rom, og det skal frå 1979 ha vorte arrangert mellom 500 og 600 arrangement på huset kvart år.[74] Bygget romma alt frå butikkar, kafé og frisør, til symjehall, bibliotek, festsalar og rådhus med formannskapssal, ordførarkontor og plass til heile kommuneadministrasjonen.

I neste kapittel vert programmet grundigare gjennomgått.

FESTPLASSEN

Festplassen er torget midt i Namsos sentrum, som saman med Samfunnshuset og kyrkja vert sett på som sjølve hjartet i byen. Før bombinga hadde plassen eit klassisk preg, med store grøntareal og ei sentral fontene som midtpunkt. Saman med resten av sentrum vart plassen øydelagd, og under gjenreisinga vart han til eit brakkelandskap for verksemder som hadde mista dei opphavelege lokala sine.[75]

Då Samfunnshuset stod ferdig i 1961, byrja arbeidet med å tilbakeføra Festplassen til eit parkanlegg. I staden for å fylgja den gamle planen, vart plassen no utforma som ein open plass der store folkemengder kunne samlast framanfor Samfunnshuset til feiringar, markeringar eller den årlege martnan. I 1963 vart det òg oppført ein liten paviljong i same stil som Samfunnshuset, også teikna av Arne Aursand.[76] Denne vert i dag brukt som konsertscene og til talar under spesielle høve.

Festplassen vart rusta opp sommaren 2017, for å tilretteleggja betre for meir liv og aktivitet i sentrum. Oppussinga innebar ein ny leikeplass, betre adkomsthøver og betre ljossetjing.[77]

DET ORIGINALE PROGRAMMET

KINO
Kinoen i Namsos samfunnshus var ein sentral del av bygget. Ved full kapasitet kunne salen romma 492 personar. I tillegg vart det etablert ein scene med tilhøyrande garderobar i underetasjen, slik at lokalet òg kunne nyttast til teaterframsyningar.[78] Kinosalen hadde veggar kledd med grøne draperi med detaljar i messing, og seta var trekte i grønt skinn. Under kinoframsyningar vart det nytta ein inngang frå entréen ut mot Festplassen, og ved teaterframsyningar ein inngang via foajéen.

BIBLIOTEK OG KONTORFLØY
Folkebiblioteket flytta inn i andre etasje i kontorfløya sommaren 1961. Denne plasseringa kom etter ein lengre diskusjon, ettersom biblioteket opphaveleg var planlagt i kjellaren. Flyttinga til ei meir tilgjengeleg etasje gav biblioteket betre tilhøve og synlegheit.[79]

Kontorfløya romma òg fleire kommunale funksjonar. Sosialkontoret låg i fyrste etasje, trygdekassen i andre etasje og likningskontoret i tredje etasje. Rådmannen hadde kontor i fjerde etasje. I tillegg fanst det i tredje etasje ein leilegheit for bestyraren av kafédrifta og ei vaktmeistarleilegheit i fjerde etasje.[80]

FOLKEBADET
Folkebadet var ein viktig del av tilbodet til Samfunnshuset og bestod av eit symjebasseng på 12,5 x 8 meter, samt to moderne badstover.[81] Anlegget vart nytta til symjeopplæring, konkurransar og etter kvart òg tilrettelagde tilbod for personar med funksjonsnedsettingar. Mangelen på universell utforming vart likevel tydeleg då slike tilbod vart etablerte. Bygget var ikkje tilpassa rullestolbrukarar, og deltakarar måtte berast opp til andre etasje av frivillige frå Raude Kors hjelpekorps. Dette gjekk føre seg over fleire år.[82]

MINIATYRSKYTEBANE
Under symjebassenget vart det anlagt ei miniatyrskytebane. Skytebanen er eit døme på at Samfunnshuset skulle romma fritidsaktivitetar for mange ulike interesser.[83]

KJØKKEN OG SERVERING
Kjøkkenet var plassert i kjellaren og fungerte som eit sentralt produksjonsrom for både kafédrifta og arrangementa i Festsalane.[84] Maten vart tilberedt i kjellaren og deretter transportert opp til eit anretningskjøkken i andre etasje ved hjelp av ein matheis.

Mellom anretningskjøkkenet og kjøkkenet i kjellaren går det òg ei smal trapp. Denne vart nytta som tilkomst til Festsalane for serveringspersonell, og vart hyppig brukt under arrangementa. På den måten kunne serveringspersonell og andre som arbeidde på Samfunnshuset røra seg fritt og ubemerka mellom etasjane. Utanfor kjøkkenet i kjellaren vart det anlagt eit lite uteareal, der kafébestyraren dyrka grønsaker.[85] Frå gateplan går det òg ned ei trapp som vart nytta til varelevering gjennom ein baktilgang til kjøkkenet.

SAMFUNNSKAFÉ OG BUTIKKAR
I fyrste etasje, vendt ut mot Festplassen, låg Samfunnskaféen.[86] Det skal ha vore ein populær møtestad for ungdom, gjerne før ei kinoframsyning.[87] I butikklokala fanst mellom anna frisør, fotobutikk med fotograf og ei forretning for frukt og tobakk.[88]

FESTSALAR
Festsalane i andre etasje vart raskt viktige samlingsstader i Namsos. Lokala hadde totalkapasitet på opptil 350 personar ved sitjande arrangement, og vart nytta til ei rekkje tilstellingar som bryllaup, dansefester og andre sosiale samankomstar. Dei skulle fungera som byen sine storstover, og vart ein viktig arena for fellesskap og feiring.[89]

I festsalane vart det mellom anna arrangert store LO-tilstellingar, og det er òg fortalt at tidlegare statsministarar har tala her.[90] Ved viktige arrangement som dette vart det montert høgtalarar i fasaden ut mot Festplassen, så dei som ynskte kunne samla seg på torget og fylgja med på talane innanfor. Dette gjaldt òg ved symjeturneringar som vart arrangerte i den gamle symjehallen.[91]

Salane heldt høg standard med mellom anna parkettgolv, scene og direkte tilknyting til kjøkken. Salane kunne òg enkelt delast opp i mindre salar ved hjelp av karakteristiske skyvedører som strekkjer seg over tverrlengda til lokalet.[92]

RÅDHUSET
Samfunnshuset romma òg byen sine rådhusfunksjonar[93], som var plasserte i den austvende kontorfløya. Her vart det mellom anna etablert ein eigen bystyresal i øvste etasje i kontorfløya, som fungerte som møtestad for kommunen sine politiske valde representantar.

Kombinasjonen av administrative funksjonar og offentlege møtestader gjorde Samfunnshuset til eit heilskapeleg senter for både styring og samfunnsliv.

Duk og dekka bord i Festsalen sommaren 1961. Foto: Namsos kommune[94]



KJELLAR

0A FOTOGRAF
Kjellarlokale til fotograf

0B HOBBYROM

0C KJØKKEN
Kjøkken for servering i Samfunnskaféen og i Festsalane
Tilhøyrande matheis og trappelaup

0D MINITAYRSKYTEBANE
Under bassenget

0E TILFLUKTSROM

0F TEKNISK ROM
Oljefyring

0G GARDEROBAR
Omkledning under teatertilstellingar

0H TILFLUKTSROM

Originalt romprogram kjellar i 1961



1. ETASJE

1A KIOSK

1B FOTOGRAF
Atelier på halvetasje

1C FRISØR
Hovudinngang til publikumsdelen av bygningen

1D BILLETTSAL
Kinobestyrar selde billettar til kinoframsyningar

1E ENTRÉ
Inngang til kinoen, foajéen og Festsalane

1F SAMFUNNSKAFÉEN
Servering
Kjøkken i kjellar

1G FOAJÉEN
Hjartet i bygningen
Fordeling til kino, Festsalane
Inngang til kinosalen då det var teatertilstellingar
WC og garderobe

1H UNDER BASSENGET

1I KINOSALEN
492 sitjeplassar

1J KONTORFLØYA
Kemnarkontor, foreiningsrom, frukostrom

Originalt romprogram 1. etasje i 1961



2. ETASJE

2A FESTSALANE
A Festsal 1
B Festsal 2
C Festsal 3
D Anretningskjøkken

Plass til 350 sitjande gjester
Scene med tilhøyrande garderobe

2B GARDEROBAR
Herre- og damegarderobe med dusj
Badstu og karbad

2C SYMJEBASSENGET
12,5 x 8 m

2D KONTORFLØYA
Bibliotek
Trygdekassen

Originalt romprogram 2. etasje i 1961



4. etasje



3. etasje

3. OG 4. ETASJE

3A KONTORFLØYA
Likningskontor
Leiligheit til bestyrarinna

4A KONTORFLØYA
A Formannskapssal
B Kommunestyresal, seinare omgjort til formannskapssal

Rådhus
Kontor til rådmann
Kontor til ordførar
Leiligheit til vaktmeister

Originalt romprogram 3. og 4. etasje i 1961



Frå folkebadet i Namsos tidleg på 1960-tallet. Bak ser me badebetjent Inger Sæther og bademeister Jan Wannebo innmontert i biletet. I vatnet ser me frå venstre Ingulv Barstad, Arne Aursand og Arild Fredriksen. Foto: Namdal Arbeiderblad.[95]



"Her ser vi svømmebassenget i det lekre Folkebadet i Namsos"[96] skreiv Adresseavisen i 1962. Foto: Adresseavisen

Røysting i Samfunnshuset under valet i 1963. Øvst ser me rådmann Frantz Heyerdahl-Jensen og avtroppande ordførar Erling Thun. Nederst har me Johan Edvin Ansnes, Berit Tveit og Rasmine Andreassen. Foto: Namdal Arbeiderblad[97]

Bibliotekar Karl Renbjør i 1972. Foto: Namdal Arbeiderblad[98]

Prudence heldt avskjedskonserten sin i Namsos kino i november 1975. Foto: Axel Sellæg[99]

Stilige karar på veg til festlegheiter i Festsalen. Foto: Haagensen[100]

Janne Bugge held føredrag for kommunetilsette i Festsalen. Foto: Espen Sandmo[101]

Utkledning og gammaldans i Festsalen i 1972. Foto: Felles-Avisa[102]

"Det var mange tilfredse kommentarer å høre langs benkene etter hvert som publikum kom inn. Det var tydelig at salen falt i smak og de tilfredse sukk da man lot seg synke ned i de gode stolene var også meget hørbare".[103] Dette skreiv Namdalsavisa under opninga av kinoen i februar 1961. Her ser me salen i 1980. Foto: Namdal arbeiderblad[104]

Kongeleg vitjing i kinoen i 1987, der dei vart feira med festførestilling i kinoen. Foto: Namdalen Arbeiderblad[105]

Hovuddøra frå Festsalen vart bytta ut før 1980. Tidlegare var det teakdører.

ENDRINGAR GJENNOM ÅRA

Namsos samfunnshus har gjennomgått omfattande endringar sidan det stod ferdig i 1961, og over tid har dei opphavlege funksjonane gradvis vorte flytta ut av bygningen – fram til ho vart heilt fråflytta i 2021.

NEDLEGGJING AV SYMJEHALL

I 1988 opna det nye badeanlegget Oasen litt utanfor Namsos sentrum.[106] Anlegget var større og meir tilrettelagd enn symjehallen på Samfunnshuset, som stengde same år. Bassengrommet var intakt i nokre år, før det i 1995 vart bygd om til kommunestyresal. Då vart det lagt eit dekke over bassenget, og garderobane vart bygde om til møterom og kontorlokale for kommuneadministrasjonen. I tillegg til å vera kommunestyresal, har rommet òg vorte nytta til vigsel, noko det framleis vert i dag.

BIBLIOTEKET FLYTTAR UT

Biblioteket flytta òg ut i 1988, då det vart bygd eit nytt kulturhus i Stasjonsgata.[107] Her vart det tilrettelagd for både bibliotek, galleri og aktivitet knytt til kulturarrangement og den lokale kulturskulen. Etter utflyttinga vart lokala bygde om til cellekontor, og har sidan inngått som ein del av kontorlokala til kommuneadministrasjonen.

OPPUSSING OG FLYTTING AV KINOEN

Kinoen på Samfunnshuset vart totalrenovert i 1999.[108] Då vart den store salen bygd om til to mindre salar – ein større kinosal og ein mindre blackbox. Tilkomsten til salane går no berre frå entréen mot Abel Meyers gate. Teaterinngangen frå foajéen vart tetta att. I entréen vart det òg tilrettelagt for ein liten kinokiosk.

Då Rock City stod ferdig i 2011 vart kinoen og det tekniske utstyret flytta dit. Sidan har salane på Samfunnshuset sporadisk vorte nytta til diverse konferanseverksemd, livssynsnøytrale seremoniar og øvingsrom for kulturskulen.

ENDRINGAR I KONTORFLØYA

Kontorfløya elles vart pussa opp i 1991. Då vart formannskapssalen delt i to, der det eine rommet fungerte som ordførarkontor og det andre som møtelokale. Samstundes vart det installert solavskjerming på austsida av kontorfløya.

Det er usikkert når miniatyrskytebanen stengde, men i desse lokala er det sidan vorte installert eit industrikjøkken. Dette skal ha vore i samanheng med ei større militærøving som fann stad i Namsos. I tilknytning til kjøkkenet vart det bygd kjølerom og andre tekniske installasjonar som ikkje lenger er i bruk.

AVVIKLING AV PUBLIKUMSRETTA FUNKSJONAR

Mot Festplassen er det ikkje lenger noko serviceretta drift. Samfunnskaféen stengde tidleg på 2000-talet, og har no berre enkel og sporadisk drift i sommarmånadene. Under kaféen låg det eit hobbyrom, som no vert nytta som lager og møtestad for Natteravnen.

Dei gamle butikklokalene mot Festplassen er ikkje lenger i bruk til publikumsretta funksjonar, men vert nytta som atelier og utstillingsrom for kunstnarar og til aktivitet for Namdalen Pride. Under koronapandemien vart hjørnelokalet nytta som teststasjon.[109]

Kjøkkenet i kjellaren, som vart nytta i tilknytning til kaféen og arrangementa i Festsalane, er ikkje lenger i bruk. Den nedsenka hagen er intakt, men attgrodd.

SISTE FRÅFLYTTING

Kommuneadministrasjonen hadde hatt hovudsetet sitt på Samfunnshuset sidan 1960-talet, men flytta ut tidleg i 2021.[110] Bakgrunnen for flyttinga var i hovudsak den tekniske tilstanden, og då særleg det dårlege inneklimaet. I dag held kommuneadministrasjonen til like utanfor sentrumsområdet, i kontorbygget Namdalshagen.

FRÅ SAMFUNNSHUS TIL BYGG UTAN HOVUDFUNKSJON

At sentrale funksjonar har flytta ut av Samfunnshuset har endra rolla til bygget i Namsos sentrum fundamentalt. Frå å vera eit aktivt administrasjons- og kulturhus gjekk det over til å verta eit bygg utan formell hovuddrift, men med fragmentert og uformell bruk – fram til det etter at kommuneadministrasjonen flytta ut stod utan noko offisiell drift.

Samstundes er det tydelege teikn på gradvis forfall. Manglande vedlikehald over tid har ført til tekniske problem, særleg knytta til ventilasjon og inneklima, som var ein viktig årsak til at administrasjonen flytta ut. Fasaden viser slitasje med sprekkar, laus puss og aldrande materiale, medan interiøret i mange delar er prega av ujamn oppgradering og manglande heilskapeleg vedlikehald. Dette har bidrege til aukande diskusjonar om framtida og funksjonen til bygget.

Kiosken på hjørnet i 1986. Foto: Kjell Arne Molden[111]

Lokalet fungerer i dag som utstillingsrom.

VERNEDEBATT OG FREDING

Diskusjonen om framtida til Namsos samfunnshus har dei siste åra vore prega av usemje rundt om bygget bør takast vare på og rehabiliterast, eller rivast og erstattast med eit nytt bygg. Debatten skaut særleg fart rundt 2020–2021, då kommunen vurderte behovet for oppgradering opp mot kostnadar og framtidig bruk. Dei kom fram til at det ville vera for ressurskrevjande å rehabilitera Samfunnshuset.[112]

FORFALL OG TAP AV OPPHAVELEGE FUNKSJONAR

Bakgrunnen for konflikten er at bygget over tid har mista mange av dei opphavelege funksjonane sine og generelt er i dårleg teknisk stand. Det er òg hevda at det strukturelle i bygget er utdatert og falleferdig.[113]

KULTURARV OG IDENTITET

Tilhengjarar av bevaring har framheva den kulturhistoriske og symbolske verdien til Samfunnshuset. Bygget er tett knytt til gjenreisinga etter andre verdskrig og representerer sentrale ideal i utviklinga av velferdsstaten, som fellesskap og tilgjengelege møtestader.[114] Det vert òg trekt fram som eit viktig døme på etterkrigstidas modernistiske arkitektur, med ein høg

Espen Aursand holder omvisning på Samfunnshuset, i regi av Fortidsminneforeningen.
Foto: Øivind Rånes[132]

grad av opphavelege materialer og eit generelt godt bevart interiør.[115] I tillegg har mange peika på tydinga bygget har for lokal identitet, særleg for den eldre delen av Namsos-befolkninga, som sjølv hugsar dei store arrangementa på huset.[116] For dei har Samfunnshuset gjennom fleire tiår vore ein viktig sosial arena, med kino, symjehall, store festar, arrangement og offentlege tenester. Det er difor tett knytt til kollektive minne og opplevingar.[117] Bygget inngår òg i eit større kulturmiljø i Namsos sentrum, som er registrert i Riksantikvaren si oversikt over kulturmiljø av nasjonal interesse.[118]

ØKONOMISK FALLGRUVE OG SANERINGSFORSLAG

På den andre sida har argumenta for riving og nybygg særleg vore knytte til praktiske og økonomiske tilhøve. Bygget oppfyller ikkje fullt ut dagens krav til universell utforming, teknisk standard og fleksible kontorløysingar. Fleire har difor meint at det vil vere meir føremålstenleg å byggja nytt, tilpassa dagens behov.[119] Økonomi har òg vore eit sentralt argument, der kommunen har vurdert nybygg som eit meir kostnadseffektivt alternativ på lang sikt.[120]

Prosessen kulminerte i eit politisk vedtak i 2021, der kommunestyret opna for vidare planlegging som kunne innebera riving av bygget.[121] Dette utløyste reaksjonar frå både fagmiljø og organisasjonar.

Kommunestyret vedtok sanering av Samfunnshuset i 2021. Foto: Bjørn Tore Ness[131]

ETTERKRIGSARKITEKTUR I EIT NASJONALT PERSPEKTIV

Vernedebatten om Namsos samfunnshus er eit tydeleg døme på ei større nasjonal problemstilling knytt til etterkrigsarkitektur. Mange bygg frå denne perioden er i dag gamle nok til å vurderast som kulturminne, samstundes som dei ofte har tekniske manglar og ikkje oppfyller moderne krav. Dette skaper spenningar mellom omsynet til bevaring og behovet for utvikling.

Saka illustrerer korleis diskusjonar om vern ikkje berre handlar om einskildbyggningar, men òg om kva verdiar samfunnet ynskjer å ta vare på. Namsos samfunnshus står som eit døme på korleis kulturarv, økonomi og framtidige behov må vegast opp mot kvarandre i utviklinga av byar og lokalsamfunn.

FRÅ RIVNINGSDEBATT TIL FREDINGSINITIATIV

Parallelt med diskusjonane rundt saneringa av Samfunnshuset har det vakse fram eit aukande engasjement for å verna bygget, noko som har resultert i ein pågåande fredingsprosess. Denne prosessen representerer eit skifte i korleis Samfunnshuset vert forstått – frå eit potensielt rivingsobjekt til eit kulturminne av nasjonal verdi. Initiativet til freding har mellom anna vorte drive fram av regionale styresmakter og lokale aktørar. Allereie før ei formell freding var på plass, vart bygget lagt inn med omsynssone i den nye reguleringsplanen, noko som signaliserer at det har verneverdi.[122] Samstundes har Fylkeskommunen teke ei aktiv rolle i å systematisera kunnskapen om bygget og greia ut moglegheiter for oppgradering.[123]

VERN GJENNOM BRUK

Eit sentralt prinsipp i arbeidet med fredingsprosessen er «vern gjennom bruk». Dette inneber at bygget ikkje berre skal bevarast som eit historisk objekt, men halda fram med å vera i aktiv bruk.[124] Målet er å tilpassa Samfunnshuset til nye funksjonar utan å mista dei kvalitetane som gjer det verneverdig. Fylkeskommunen har òg vore tydeleg på at fredinga bør fungera som eit premiss for vidare byutvikling, der bevaring og utvikling vert sett i samanheng.[125]

FREDINGSFORSLAGET

Arbeidet med fredinga er framleis pågåande, men forslaget til freding byrjar å ta form og omfattar både eksteriør og utvalde delar av interiøret. På utsida gjeld dette mellom anna fasadar, balkongar, takoppbygg og det nedsenka hagearealet. Innvendig er det særleg lagt vekt på foajéen med trappelaup og garderobe, samt Festsalane med tilhøyrande anretningskjøkken, gangareal og garderobar.[126] Desse romma vert rekna som særleg viktige for å forstå den opphavelege funksjonen til bygget som ein sosial møtestad, og den omfattande infrastrukturen det kravde for å tilretteleggja for dei mange store arrangementa på huset. Med tanke på dette har særleg anretningskjøkkenet fått spesiell merksemd. Det representerer ein sentral del av drifta av Festsalane, den omfattande aktiviteten på Samfunnshuset og ikkje minst dei mange kvinnene som heldt maskineriet i gang.[127]

Gunnar Hojem, leiar for Namsos Historielag, er ein av dei som har engasjert seg i saka.
Foto: Namdalsavisa[133]

Omfanget av fredinga er førebels formulert som eit forslag. Så langt har det i liten grad kome innvendingar mot forslaget, men det er understreka at det må vere ope for løysingar som gjer bygget funksjonelt i bruk, særleg med tanke på tilkomst og tilgjengelegheit.

HANDLINGSROM

Fredinga vil medføra enkelte avgrensingar, men er ikkje meint å hindra bruk av bygget. Til dømes vil ein freda fasade gjera det vanskeleg å etterisolera utvendig, og større endringar i form og uttrykk på bygget vil vera utfordrande å gjennomføra. Samstundes vert det opna opp for tilpasinngar der det er naudsynt, til dømes knytt til universell utforming. Mindre tiltak, som tilbygg eller tekniske installasjonar, kan vurderast i kvart einskild tilfelle, så lenge dei ikkje går på kostnad av karakteren til bygget.[128] Diskusjonen rundt kva som kan tillatast av endringar viser at freding ikkje er ein statisk tilstand, men ein prosess som krev løpande vurderingar.

NASJONALT PERSPEKTIV

I nasjonal samanheng er samfunnshusa frå etterkrigstida i liten grad freda, noko som gjer Namsos samfunnshus særleg interessant.[129] Bygget vert vurdert som eit døme av høg kvalitet, både når det gjeld materialbruk og detaljering, og kan dermed få auka tyding som representant for denne typen arkitektur.

Den vidare prosessen inneber mellom anna synfaring og dialog med nasjonale styresmakter. Eit ferdig fredingsforslag er venta i løpet av 2026, med mogleg formell freding året etter.[130] Utfallet av prosessen vil ikkje berre ha tyding for sjølve bygget, men òg for korleis ein i framtida forheld seg til etterkrigsarkitektur og kulturarv i norske byar.

TIDSLINJE

1845

Namsos ladestad vert oppretta

1940

Tyske fly bombar Namsos sentrum og byen vert lagt i ruinar

1943

Ny reguleringsplan for Namsos vert vedteke

1958

Byggjestart for Samfunnshuset

1961

Samfunnshuset vert ferdigstilt

1964

Namsos får bystatus

1986

Biblioteket flyttar til det nye kulturhuset

1988

Symjehallen vert stengd og flytta til nytt lokale

1991

Kontorfløya vert ombygd og det vert installert solskjerming på austfasaden

1995

Ombyggjing av symjehall til ny kommunestyresal og tilhøyrande garderobeanlegg til møterom

1999

Ombyggjing av Namsos kino til to mindre salar

2011

Kinoen vert flytta til andre lokale

2016

Kommuneadministrasjonen vurderer Samfunnshuset som ueigna til å fylla sin funksjon, og fremjar forslag om å riva det eksisterande og heller byggja eit nybygg som er betre tilpassa byen sine behov

2018

Namsos kommune inviterer Trøndelag fylkeskommune og Riksantikvaren til samtalar om Samfunnshuset si framtid

MAI 2020

Fylkeskommunen vurderer Samfunnhuset som verneverdig

MARS 2021

Kommunetilsette vert flytta ut av Samfunnshuset grunna dårlege arbeidsforhold, og dermed står Samfunnshuset tomt for brukarar

MARS 2021

Kommunen vedtek sanering av Samfunnshuset, som fylgje av teknisk og økonomisk risiko knytta til vurderings-alternativa

JUNI 2021

Riksantikvaren stadfestar Samfunnshuset som et kulturminne av nasjonal interesse

MAI 2023

Ny tilstandsrappport av Samfunnshuset vert gjort av Sweco, med fokus på observasjonar og analyse av bygningen si pele-fundamentering og betongkonstruksjon

DESEMBER 2023

Riksantikvaren opprettar fredingssak om Samfunnshuset

JANUAR 2024

Møte mellom Trøndelag fylkeskommune og Namsos kommune for å diskutera fredinga av Samfunnshuset, fredingsprosessen, avklaringar rundt framtidig bruk, framdrift og tidsperspektiv, og innhenting av kunnskapsgrunnlag

DESEMBER 2025

Arbeidet med eit fredingsforslag vert sett i gang

VÅREN 2026

Eit fredingsforslag er venta å vera klart

03 I DAG

DAGENS SITUASJON

I februar 2026 er Samfunnshuset i teorien eit hus som står tomt. Den lange debatten om kva som skal skje med bygget har kulminert i at Riksantikvaren no går inn for freding av delar av huset. Mest truleg vil dette gjelda foajéen, Festsalen og eksteriøret. Dette gjer at kommunen må tenkja nytt: Korleis kan den eksisterande bygningsmassen takast med inn i framtida? Kva funksjonar skal fylla huset? Korleis skal det oppgraderast – og korleis kan ein gjera bygningen tilgjengeleg for alle?

Medan kommunen arbeider med desse spørsmåla, er Samfunnshuset framleis fullt av liv. Går ein forbi ein tysdagskveld, høyrer ein musikk frå Festsalen. Namsos brassband har øving, og lyden brer seg utover Festplassen. Her føregår alt frå øvingar med skulekorpset og Namsos symfoniorkester, til trim for eldre og teaterøvingar. Brukarane uttrykker at dei er nøgde med å få disponera lokala. Fleire lag ynskjer òg å ta huset i bruk, men kommunen opnar ikkje for fleire brukarar, fordi det ville krevja større investeringar. Den daglege drifta er no redusert til eit absolutt minimum.

Utvendig ber bygget tydelege spor av slitasje. Malinga flassar, og fleire stader er det gjort mellombelse reparasjonar. Skiferen i grunnmuren sprekk og fell ned, og ei stor eføyplante vert halde oppe med jekkestropper.

Inntrykket er eit hus som treng ei kjærleg hand. Kommunen har lenge avventa større investeringar i bygget, fordi framtida har vore usikker.

Langs fasaden mot Festplassen er det likevel framleis noko aktivitet. Kafeen er stengd, men fleire mindre lokale er i bruk – mellom anna som hovudkontor for Namsos Pride, kunstnaratelier og utstillingslokale. Desse skapar ikkje mykje liv i gateplanet, men dei bidreg til å halda ved lag kjensla av at huset framleis er i bruk. Samstundes gjer dei det lett å førestilla seg korleis bygget igjen kan bløma.

Sjølv om Samfunnshuset i teorien står tomt, er det framleis i bruk. Aktiviteten som finst i bygget i dag viser at huset framleis fungerer som ein sosial infrastruktur i byen. Samfunnshuset er difor ikkje berre eit bygg med ei uavklart framtid, men ein stad som framleis fungerer som samfunnshus – i ordets rette forstand.

	MÅNDAG	TYSDAG	ONSDAG	TORSDAG	FREDAG	LAURDAG	SUNDAG
08.00	○	●	●	○	○	○	○
09.00	○	●	●	○	○	○	○
10.00	○	●	●	○	○	●	●
11.00	○	●	●	○	○	●	●
12.00	○	●	●	○	○	●	●
13.00	○	○	●	●	○	●	●
14.00	○	●	●	●	●	●	●
15.00	○	●	●	●	●	●	●
16.00	○	●	●	●	●	●	●
17.00	●	●	●	●	●	○	○
18.00	●	●	●	●	●	○	○
19.00	●	●	●	●	●	○	○
20.00	●	●	●	●	●	○	○
21.00	○	●	●	●	●	○	○
22.00	○	●	○	●	○	○	○
23.00	○	●	○	●	○	○	○

● 1 brukargruppe

● 2 eller fleire brukargrupper

På det minste er det 1 brukargruppe. På det meste er det 5 brukargrupper.

01 FLØYANE
Bygningen består av tre fløyar: 1 Vestfløya, 2 Midtfløya, og 3 Kontorfløya

02 HOVUDINNGANGAR
Hovudinngangen til kontorfløya er på sørsida, og hovudinngangen til vestfløya er under loggiaen på vestsida. I tillegg til desse finn me inngangar til dei forskjellige lokala fleire stader.

03 FUNKSJONSDELING
Då bygningen var i bruk var funksjonane todelt: kommuneadministrasjonen nytta kontorfløya, saman med kommunestyresalen i bassengrommet og tilhøyrande møterom. I resten av huset var det publikumsorientert aktivitet.

04 VERTIKALE KJERNER
Det er mange vertikale kjerner i huset. I kontorfløya finn me den einaste personheisen, men den er ikkje i samsvar med dagens krav. I tillegg til den finn me fleire trappelaup, med forskjellig grad av offentleg bruk.

05 NIVÅSKILNADER
I fyrste etasje finn me sju ulike nivå, noko som vanskeleggjer det universelle tilgjenget.

06 FREDING
Riksantikvaren føreslår truleg freding av Festsalen og foajéen, i tillegg til eksteriøret.[134]



01



02



03



04



05



06

Diagram over dagens situasjon.



KJELLAR

0A ATELIER
Kjellarlokale til atelier

0B DET GAMLE HOBBYROMMET
Vert nytta til lagring av frivillige lag

0C DET GAMLE KJØKKENET
Står tomt i dag

0D TEKNISK ROM
Under bassenget
Utstyr til storkjøkken (frys, kjøl, m.m)
Lagring

0E DET GAMLE TILFLUKTSROMMET 1
Lagring

0F TEKNISK ROM

0G DEI GAMLE GARDEROBANE
Lagring

0H DET GAMLE TILFLUKTSROMMET 2
Lagring



1. ETASJE

1A UTSTILLINGSLOKALE
Vert nytta til lagring i dag

1B ATELIER

1C PRIDELOKALET
Lagring

1D ENTRÉ
Hovudinngang til publikumsdelen av bygningen

1E DEN GAMLE SAMFUNNSKAFÉEN
Vert nytta av frivillige lag

1F FOAJÉ
Garderobe
Tilhøyrande herre- og dametoalett

1G LISSALEN
Liten kinosal

1H STORSALEN
150 sitjeplassar
Vert i hovudsak nytta av kulturskulen

1I UNDER BASSENGET

IJ DET GAMLE RÅDHUSET
Cellekontor



2. ETASJE

2A FESTSALANE
A Festsal 1
B Festsal 2
C Festsal 3
D Anretningskjøkken

Vert nytta av frivillige lag
Scene med tilhøyrande garderobe og sminke

2B MØTEROM
Møterom i tilknytning til den gamle kommunestyresalen
Vert nytta av frivillige lag

2C DEN GAMLE KOMMUNESTYRESALEN
Vert nytta av frivillige lag

2D DET GAMLE RÅDHUSET
Cellekontor
Står tomt i dag



4. etasje



3. etasje

3. OG 4. ETASJE

3A DET GAMLE RÅDHUSET
Cellekontor
Står tomt i dag

4A DET GAMLE RÅDHUSET
A Den gamle formannskapssalen

Cellekontor
Står tomt i dag

Vestfasaden mot Festplassen med ein av to hovudinngangar.

Vest- og sørfasaden.

Vestfløya med loggia og vindauge inn i den tidlegare kaféen.

Sørfasaden med hovudinngang til kontorfløya.

Sørgavlen til kontorfløya.

Den grøne hageflekken ved sørfasaden.

Austfasaden med vindauge inn til kontor.



Vindaugsfelta med den karakteristiske teakdetaljeringa og det blågrøne fasadeglaset.

Nordenden av kontorfløya med vindauge inn i gangen.

Nordgavlen til vestfløya.



Original dør inn til det gamle butikklokalet.



Hovudinngangen på vestfasaden.

Fasade sør



Fasade nord



Fasade aust

Fasade vest


SNITT A
FASADE AUST
SNITT B
SNITT C
+ 1 280
Bakrom og lager
til rekvisittar
WC
WC
+ 1 280
D-5 Bakdør
+ 0
Storsalen
+ 0
SNITT F
- 760
Det gamle bassenget
Den gamle
resepsjonen
Hovudinngang til
kontorfløya
+ 0
SNITT F
HERLAUGS GATE
FASADE NORD
WC damer
Garderobe
Lager
+ 0
FASADE SØR
BRÅHOLMGATA
D-3 Innvendig dør
WC herrer
SNITT E
Foajé
+ 480
+ 960
- 1250
SNITT E
Lissalen
- 620
Maskinrom
+ 1 380
Kinoinngang
Lager
+ 0
WC
WC
Lager
D-2 Bord og stol
+ 1 440
Servering
SNITT D
Kiosk og billettsal
Entré
+ 480
Den gamle
samfunnskafeen
+ 960
SNITT D
Utstillingslokale
+ 0
Atelier
+ 0
Lager
+ 0
+ 0
D-6 Ytterdør
SNITT A
FASADE VEST
SNITT B
SNITT C
ABEL MEYERS GATE


SNITT A
FASADE AUST
SNITT B
SNITT C
Teknisk rom
Verkstad
Kontor til vaktmeister
Garderobe til scene
Garderobe til scene
Teknisk rom
Lager
Lager
Teknisk rom
Lager
Lager
Lager
Lager
Under det gamle bassenget
SNITT F
SNITT F
FASADE NORD
FASADE SØR
SNITT E
SNITT E
Tidlegare kjøkken
Atelier
Lager
SNITT D
SNITT D
WC
WC
SNITT A
FASADE VEST
SNITT B
SNITT C



Plan 2. etasje 1:250


Tidlegare leiligheit,
i dag cellekontor
D x



Plan 4. etasje 1:250







D-8 Yttervegg Festsal 3
D-7 Yttervegg kontorfløy











Foajéen med sitjeplassar og garderobe.

Trappa som ledar opp til Festsalen.

Festsalen med plass til 350 sitjande gjester.



Salen kan delast opp i tre mindre salar ved hjelp av store skyvedører.





Trappelaup i tilknytning til foajéen.

Rømningstrapp til Festsal 1.

Det tidlegare bassenget er ombygd til kommunestyresal.



Eit takoppbygg slepp inn ljos i lokalet.



Dametoalettet i foajéen med tidstypiske detaljar frå 1960-talet. Her ser ein óg tydelege riss i betongen.

Gangen i kontorfløya.





Den gamle formannskapssalen. Her var det óg overljos, men det er kledd igjen og vert brukt til distribusjon av ventilasjon.

Opphaveleg var kommunestyresalen her. Deretter vart det til formannskapssal, og til slutt fungerte det som ordførarkontor.

Dei originale stolane som vart nytta under store tilstellingar i Festsalane.

Tilhøyrande bord.



Dei gamle kinostolane som vart demonterte i 1999. Dei fleste stolane er vekke, men eit par stolar er teke vare på og vert oppbevart i kjellaren.

Trippelarmatur som var i den opprinnelege kinosalen.

04 ANALYSE

SAMANDRAG

Dette kapittelet utgjer hovudtyngda av kunnskapsgrunnlaget i heftet. Gjennom oppmåling, fotodokumentasjon, fargeregistrering og bygningsarkeologiske observasjonar har me kartlagt Samfunnshuset slik det står i dag – både det som er originalt og det som har kome til gjennom seks tiår med endring og bruk.

Den arkitektoniske analysen viser eit hus med tydelege modernistiske trekk, men med lokale forankringar i materialbruk og handverk. Søylekonstruksjonen, dei frie fasadane og dei opne planløysingane fylgjer prinsipp frå den internasjonale stilen, medan skiferkledning, teakvindauge og keramikkverk av Alfild Finsberg gjev huset eit særpreg. Tre rom skil seg ut med høg arkitektonisk kvalitet: foajéen, den gamle formannskapssalen og Festsalen. Desse er òg sentrale i fredingsforslaget frå Riksantikvaren.

Eit aktivt grep i bygningen er bruken av nivåskilnader for å skilja mellom soner i fyrste etasje. Sju ulike nivå gjev rommeleg variasjon, men skapar samstundes utfordringar knytte til universell utforming – ei av dei største problemstillingane ved ei eventuell rehabilitering.

Den tekniske tilstanden er prega av lang tids vedlikehaldsetterslep. Betongskadar, manglande ventilasjon i kontorfløya, lite isolasjon, utdatert elektrisk anlegg, helseskadelege materiale og brannteknisk manglar er blant dei mest kritiske forholda. Strakstiltak som metallplater på fasaden vitnar om at problema er kjende, men ikkje løyste. Ei heilskapleg oppgradering vil krevja vanskelege avvegingar mellom tekniske, antikvariske og økonomiske omsyn – særleg når det kjem til etterisolering og inngrep i fasadane.

Verdivurderinga, gjort etter Riksantikvaren sin mal, syner eit hus med stor og samansett verdi. Som typologi representerer Samfunnshuset oppbyggjinga av velferdsstaten og ein arkitekturhistorisk periode som er underrepresentert i norsk bygningsvern.

Som fysisk objekt er det eit av dei fremste døma på gjenreisingsarkitektur i Namsos. Som sosial arena ber det på minne for fleire generasjonar namsosingar – sjølv om engasjementet for bygget varierer mellom aldersgrupper.

Trass i at Samfunnshuset på papiret står tomt, viser kartleggjinga at huset framleis er i aktiv bruk. Saman med komande endringar i kommunen sin arealbruk peikar dette mot eit tydeleg potensiale: Samfunnshuset kan på nytt verta ein heilskapleg møtestad for kultur, frivilligheit og offentleg liv i byen.

Analysen dannar grunnlaget for dei vurderingane som ligg til grunn for det vidare prosjektarbeidet: kva som må takast vare på, kva som kan endrast, og korleis huset kan rustast for ei ny tid utan at dei kvalitetane som gjer det verneverdig går tapt.

Den sørlige gavlen på kontorfløya.

BYGNINGEN UTVENDIG

FUNDAMENT

Både betonkonstruksjonar i underetasjen og dei mange pelefundamenta under bygningen er kontrollert og vurdert til å vera i god stand.[135]

Ytterveggane til kjellaren kjem opp av grunnen og utgjer synleg grunnmur til huset. Grunnmuren er truleg betong med om lag 30 cm tjukkleik. Utvendig er grunnmuren kledd i skifer med varierande tilstandsgrad. Fleire er dei delaminerte og somme plassar er dei falle ned. Det er uvisst kva type skifer det er.

Skifer i grunnmuren på kontorfløya.

YTTERVEGG, PRIMÆRKONSTRUKSJON

Konstruksjonen består av eit søylesystem på om lag 6 x 3,6 m. Ytterveggane varierer mellom heilstøypt betong, og søyler på 300x300 mm med lettveggar/vindauge mellom. Me har ikkje hatt visuelt innsyn i veggane.

Samfunnshuset sett frå krysset mellom Bråholmgata og Abel Meyers gate.

UTVENDIG KLEDNING

Ytterveggane har eit sjikt med murpuss utanpå konstruksjonen. I pussen er det dekorative striper med om lag 2 cm djupn og breidde, som fylgjer modulsystemet og dannar dekorativt mønster i fasaden.

I kontorfløya er brystningen under vindauga kledd i eit blågrønt, herda fasadeglas.

Svart belegg på parapeten og kvit puss på fasaden.

VINDAUGE

Det er fleire forskjellige typar vindauge i huset. Fleire er bytta ut gjennom åra, men utforminga er lik som opprinneleg.

I kontorfløya består austveggen av eit vindaugsfelt mellom kvar søyle, med fire vindauge i kvart felt. Dei er tolags glas og karmane er truleg i teak Dei har vorte bytta ein gong, kanskje kun glasa.[136] Dei opphavelege vindauga var produserte lokalt, av Namsos tre- og listefabrikk.

Vindauga på austfasaden.

På vestfasaden, ut mot Festplassen, er fasaden prega av vindauge. I butikklokala er vindauga 1,1 m breie med varierande høgd. I kafédelen er vindauga 1,1 m breie med brystning frå bakkenivå på 1,8 m. I festsalane er det sjudelt vindaugsfelt der dei smalaste kan opnast.

Store vindaugsfelt inn til festsalane på vestfasaden.

I kvar etasje i kontorfløya er det eitt vindauge i enden av gangen i nordveggen. Det er eittrams vindauge med seks asymmetriske felt. Ramma er truleg teak.

Vindauge i nordgavlen på kontorfløya.

YTTERDØRER

Hovudinngangen til det tidlegare rådhuset er på sørsida av huset. Døra er ikkje original. Det er ei vanleg automatisk skyvedør med vindaugsfelt på sidene. Historiske bilete viser at det var ei tredør her tidlegare, truleg i teak, slik som vindauga.

Hovudinngangen på sørsida, med rampe på høgresida.

Hovudinngangen til vestfløya er i dag eit vindaugsfelt med ei dobbeldør og ei enkeltdør. Eldre bilete viser at det tidlegare skal ha vore ei dør i teak.

Hovudinngangen på vestsida med balkongen over.

I det midterste butikklokalet er den opphavelege døra framleis i bruk. Det er ei fyllingsdør med to glasfelt og eit utforma dørhandtak.

Dør inn til det gamle fotoatelieret.

På nordsida er det fleire panelerte ytterdører i teak med sparkeplate.

Bakdøra som går inn til rømningstrappa frå Festsal 1.

TAKKONSTRUKSJON OG TAKTEKKING

Taket er tekka i mørk asfaltpapp, og parapeten på hovudvoluma er kledd i svart blikk.

Taklandskapet sett frå taket av kontorfløya.

TRAPPER OG RAMPER

Trappa ved den sørlege hovudinngangen har tydelege betongskadar. Det var ikkje rampe ved inngangen opprinneleg, og me ser at det er sett inn ei rullestolrampe i stål på høgre sida av inngangen i etterkant. Den er for bratt i henhald til dagens krav.

Trappa opp til hovudinngangen på sørfasaden.

BYGNINGEN INNVENDIG

INNERVEGGAR, BERANDE

Innvendige berande veggar er i betong, med varierande overflate. Enkelte av veggane i foajéen er berande.

Foajéen med enkelte originale element og nokre nye tilføringar.

INNERVEGGAR, IKKJE-BERANDE

Det finst fleire ikkje-berande innerveggar, dei fleste i kontorfløya. Det er uvisst korleis dei er bygd opp.

Gangen i kontorfløya med dører inn til cellekontora.

DEKKE, PRIMÆRKONSTRUKSJON

Dekka er i betong. I originale detaljteikningar av kontorfløya ser me at det er om lag 120 mm tjukk betong. Saman med korkisolasjon, akustikkplater og golvbelegg vert det totalt 210 mm.

Dekket i gangen over foajéen.

TRAPPER OG RAMPAR

I tillegg til publikumstrappa i foajéen er det fem trappekjerner i huset. Nokre av dei har forseggjort fargesetjing på rekkverk. Dei fleste har golvbelegg i det som truleg er linoleum.



Trappa i nordre trapperom i kontorfløya.

FARGAR OG OVERFLATER

Det er stor variasjon i veggoverflater, alt frå gipsplater til spiler utpå panel, som me finn i foajéen. I himlinga er det ofte akustikkplater i same farge som himlinga ellers. Det er verdt å nemna at i festsalane finn me originalt Biritapet – ein norsklaga stråtapet.

Sjå s. 132 for fargeregistrering.

Festsal 3 med Biri-tapet og blågrøn vegg og tak.

DØRER

Innvendige dører er enkelt utforma i lakkert finér. Dørhandtaket har sterk likskap med modell 2166 teikna av Bjørn A. Larsen for Trio fabrikker på 1950-talet, men me har ikkje funne noko dokumentasjon som stadfestar dette.

Ei av mange innerdører i huset.

FARGAR

FESTSALEN

TAK FESTSAL 1 OG 2
NCS S 3040-Y90R

PANEL SCENE
NCS S 6020-B30G

PANEL SCENE
NCS S 4020-B70G

MURPUSS
NCS S 0502-Y80R

VEGG FESTSAL 3
NCS S 3020-B90G

KJØKKEN SKAP
NCS S 5020-G30G

KJØKKEN LISTER
NCS S 0502-Y80R

VEGG FESTSAL 2
NCS S 5030-B10G

FOAJÉEN

TAK
NCS S 1015-B50G

VEGG
NCS S 1502-G

PANEL OG SØYLER
NCS S 0300-N

GOLV
NCS S 4020-R90B

VEGG MOT KINO
NCS S 1040-Y20R

VEGG MOT KINO
NCS S 2005-G30Y

VEGG GAMLE TEATERINNGANG
NCS S 4050-R

GOLV GAMLE TEATERINNGANG
NCS S 8005-R80B

NORDRE TRAPPEROM I KONTORFLØYA

REKKVERK
NCS S 4020-B70G

HANDLØPAR
NCS S 5040-R

VEGG
NCS S 0804-R10B

RØMNINGSTRAPP I FESTSALEN



TRAPPEREPOS
NCS S 6020-B90G

HANDLØPAR
NCS S 6035-B60G

LIST
NCS S 5040-B80G

DAMETOALETT I FOAJÉEN

VEGG
NCS S 2010-G

FLISER VEGG
NCS S 0300-N

FLISER GOLV
NCS S 4030-Y40R

FLISER GOLV
NCS S 6020-Y80R

TOALETT I 3. ETASJE KONTORFLØYA

VEGG
NCS S 1020-G10Y

FLISER VEGG
NCS S 0300-N

FLISER GOLV
NCS S 8000-N

DØRKARM
NCS S 0510-Y20R

BYGNINGSARKEOLOGISKE SPOR

FOAJÉEN

I foajéen reknar me med at det er endra golvbelegg. Dette på bakgrunn både av ein samtale med vaktmeisteren, og at me fann restar av eit raudt og svart belegg i den gamle inngangen til kinoen. Belegget er av linoleum, og har mest sannsynleg leie i rutemønster over heile foajéen.

Då Samfunnshuset vart bygd gjekk hovudinngangen til kinosalen gjennom foajéen. Inngangen gjekk gjennom ein gang med tilkomst mellom dame- og herretoaletta, som er intakte i dag, på eit nedsenka nivå i nordvesthjørnet av rommet. Etter renoveringa av kinoen i 1999 vart denne gangen bygd att mot kinoen, og døra mot foajéen låst. No vert gjennomgangen brukt som kott for diverse artiklar. Både veggene, taket og golvbelegget inne i gjennomgangen er originale, og har element både frå den originale kinoen og foajéen.

På kvar side av den gamle gjennomgangen står det to skap, med detaljar av det same linoleumsbelegget som pregar både golvet og garderobedisken i foajéen. Desse har tidlegare fungert som billettluker, med opne luker ut mot foajéen og plass til ein person på innsida. I dag vert dei brukte til oppbevaring.

Garderoben i foajéen er delvis original. Sjølve betjeningsbenken er original, men har nytt belegg. Rampa som går langs garderoben er òg ny. I tillegg til denne garderoben var det opprinneleg ein garderobe til ved inngangen til foajéen. Denne er i dag bygd att til ein tett vegg med tilsvarande utforming som resten av foajéen, og rommet vert i dag brukt til oppbevaring av Namsos bridgeklubb.

Garderobedisken med rampa i framkant.

Den gamle inngangen til kinoen med éi billettluke på kvar side.

Den gamle inngangen til kinosalen.

DEN GAMLE KOMMUNESTYRESALEN

Då Samfunnshuset opna låg det eit symjebasseng i 2. etasje. I dag er bassenget bygd att, men me finn framleis spor etter det i interiøret - spesielt ser ein det på flisane som fortsatt pregar nokre av veggsølane.

Bassenget er ikkje rive, men den søndre delen av det er teken bort for å gje plass til ein resepsjon i hovudinngangen til kontorfløya. Resten av bassenget ligg framleis bevart under golvet i kommunestyresalen, og det er mogleg å kika inn i det via ei luke i resepsjonen. Søylene og bjelkane som ber bassenget er synlege i kjellaren.

Over bassenget er det som nemnt lagt eit dekke og etablert kommunestyresal. I salen finst framleis overljosa som var med på å gje gode ljosforhold til symjebassenget. I eit møterom sør for kommunestyresalen finn me framleis flisene frå det opprinnelege bassengrommet på veggane.

Den gamle kommunestyresalen med talestol og ordførarbenk.

Fliser frå tida det var symjebasseng.

Bassenget er framleis intakt og ein kan sjå det frå ei inspeksjonsluke i den gamle resepsjonen.

KINOSALANE

I dag er den opprinnelege kinosalen delt opp i to mindre kinosalar – ein liten og ein stor. Gjennomgangen frå foajéen til den gamle kinoen er tetta, og inngangspartiet til begge salane går i dag rett frå hovudinngangen i vestfløya. For å få til dette har ein del av dei gamle butikklokala vorte bygde inn som ein del av entréen til Samfunnshuset. Den store kinosalen vert i dag brukt til blant anna seremonirom, og som øvingslokale for kulturskulen. Då kommuneadministrasjonen heldt til i bygget vart han òg nytta til konferansar og større møteverksemd. Maskinrommet til kinoen i 2. etasje er framleis intakt, men alt av originalt utstyr er flytta og/eller kasta. Rommet vert brukt som lager. Den vesle salen vert nytta til oppbevaring av diverse kulissar frå tidlegare framsyningar.

Storsalen med plass til om lag 150 gjester.

FORMANNSSKAPSSALEN

I formannskapssalen er det gjort omfattande endringar. Taket er senka, slik at det originale overljoset er dekt att. Overljosa er framleis intakte, og det låge rommet over formannskapssalen vert no brukt som teknisk rom for ventilasjon.

Salen er delt i to av ein lettvegg. Det eine rommet ber preg av det opprinnelege interiøret, med originale gardiner, rekkverk og veggpanel. Det andre rommet er måla kvitt, og ein ser ikkje mykje igjen av den gamle formannskapssalen.

Det store rommet i den gamle formannskapssalen, der ein ser det originale panelet til venstre.

Overlysa finst framleis, men rommet opp er tetta att for å gje plass til ventilasjon.

INNGANGANE

Inngangspartiet i kontorfløya vart bygd om då symjebassenget vart bygd om til kommunestyresal i 1995. Sidan har entréen vore resepsjon for kontorfløya. Under ombygginga vart det sett inn ei rampe som kopla resepsjonen saman med kontorfløya.

I entréen mot Festplassen er det óg bygd ei ny rampe, og sett opp ein liten kinokiosk. Dørene mellom entréen og foajéen er ikkje originale, men det er uvisst når dei vart skifta ut.

Begge desse rampene er for bratte etter dagens krav i TEK17.

Inngangen til kontorfløya med nytt vindfang og rampe.

Rampa ved inngangen frå Festplassen.

BUTIKKLOKALA

Butikklokala vert i dag brukte som kunstnaratelier, galleri og til oppbevaring. Det er gjennomført omfattande endringar i interiøret, og det finst lite originalt att. Likevel kunne ein sjå originale raude linoleumsfliser under det nye golvbelegget, som me reknar med er dei same som opphaveleg prega golvet i foajéen. I veggen mellom dei ulike nivåa fann me òg restar etter gamle vindauge, og trappa som strekkjer seg opp gjennom lokalet er framleis intakt.

Ytterdørene til butikklokala er skifta, med unntak av døra inn til kunstnaratelieret.

Spindeltrapp i det som før var fotoatelier, men som i dag er utleigd til kunstnarar.

FASADANE

Fasadane til Samfunnshuset er meir eller mindre intakte, og vert vurderte som ein viktig del av fredinga. Likevel er ikkje alt like godt ivareteke, og fleire av dørene i fasaden er med tida skifta ut. Dette gjeld dei fleste butikkinngangane, og begge hovudinngangane.
Me har ikkje funne gode bilete av dei opprinnelege dørene, korkje av inngangspartiet ut mot Festplassen eller av hovudinngangen til kontorfløya.

Hovudinngangen til kontorfløya er kopla opp mot ei nyare rampe, og delar av det opprinnelege gelenderet er difor kutta ut. Skiltet på baldakinen er ikkje originalt, men det er usikkert når dette vart bytta ut.

På austfasaden til kontorfløya er det montert solskjerming på utsida av vindauga.

Hovudinngangen på vestsida med balkongen over.

Hovudinngangen på sørsida.

Vindauga i austfasaden med solskjerminga montert rett på ramma.

Frå den nedsenka hagen klatrar det ein eføy opp langs veggen.

ARKITEKTONISK ANALYSE

Frå eit arkitektonisk perspektiv er Samfunnshuset interessant av fleire grunnar. Bygget er eit typisk døme på etterkrigstidas samfunnshus, samstundes som det har ein detaljrikdom og kvalitet som gjev det ein arkitektonisk eigenverdi. I det fylgjande ser me nærare på typologien, dei funksjonalistiske trekka, huset si plassering i bybiletet, fasadane, nivåskilnadane og interiøret.

TYPOLOGIEN

Som nevnt tidlegare, var ikkje samfunnshus ein uvanleg typologi på 1960-talet. Under oppbyggjinga av velferdssamfunnet vart samfunnshuset peikt på som ein plass der det sosiale og kulturelle livet kunne utfalda seg – ei storstove for samfunnet.[137]

Då Samfunnshuset i Namsos vart bygd hadde det mange funksjonar: butikklokale, kafé, kino, festsalar, basseng, kommunestyresal, rådhus og bibliotek. Dette spegla trenda i tida om å byggja velferdssamfunnet. Likevel er det vanlegast i Noreg med samfunnshus med mindre program. I mindre skala finn me det typiske grendahuset med ein sal til fest og arrangement, og eit lite kjøkken. I andre enden av skalaen har me store hus med stort program, slik som i Namsos. Me treng ikkje reisa lenger enn til Steinkjer for å finna samfunnshus med liknande program. Der var det óg basseng, kino, bibliotek, og festsal då det stod ferdig i 1952. Me finn det óg igjen i delar av Skandinavia, til dømes Medborgarhuset i Stockholm. Eit stort stasbygg med basseng, bibliotek og arrangementslokale – ei storstove for byen.

I dag er det ikkje like vanleg å byggja samfunnshus med omfattande program. Samstundes ser me at stadig fleire skular vert bygde med bibliotek og kino inkludert, såkalla fleirbrukshus, noko som kan minna om 60-talets samfunnshus. Men det er ikkje like tydeleg samfunnsfokus på kvifor ein vel å gjera det slik. Der det tidlegare var for å laga ei storstove for samfunnet, er i dag fokuset samdrift for å redusera kostnader. Sånn sett kan ein sei at typologien samfunnshus med store program representerer eit tidsbilete for etterkrigstida. Dette gjer det ekstra verdifullt.

FUNKSJONALISMEN

Ved oppføringa i 1961 framstod Samfunnshuset som eit tydeleg døme på den kvite, internasjonale stilen i modernismen – ein tradisjon der form fylgjer funksjon. Tydelege geometriske former og sparsame fasadar utan overflødige detaljar pregar uttrykket, medan relativt store vindaugsfelt slepp inn dagsljos.

Foto frå konstruksjonen av huset. Foto: Røthe[141]

Ein kan kjenna att fleire av modernisten Le Corbusier sine prinsipp: søylekonstruksjon, fri plan og fri fasade[138]. Konstruksjonen består av søyler, bjelkar og dekker, noko som gjev høve til ein open planløysing og ein fasade der vindauga kan plasserast fritt etter behov.

Samstundes som fasadane er frie for unødig pynt, finn me óg nokre dekorative element. Til dømes er dei dekorative, mørke stripene med på å laga ein rytme i fasaden. Til og med dei små ventilane øvst i veggen, som er for lufting av taket, er med på å tydeleggjera denne rytmen.

Sjølv om det er klare modernistiske trekk, ser me at lokale element óg er teke med. Søylene mot Festplassen og grunnmuren er kledd i skifer. Det er uvisst kvar den stammar frå. Skiferen er med på å skapa tyngde i volumet, i tillegg til at den er hardfør.



Keramikk på veggen ved foajétrappa.

Innvendig er det óg lokale element. Det er fleire verk frå den lokale kunstnaren Alfild Finsberg i huset. Ho utforma keramikk med symbolske motiv for regionen: blant anna ein fiskar som dreg opp garnet og ein bonde som er ute og slår graset.

SAMFUNNSHUSET I BYBILETET

Namsos er ein del av ei rekke byar som vart bomba under krigen og bygd opp att etter freden. I tillegg til Namsos finn me blant anna Kristiansund, Molde, Steinkjer, Bodø og Narvik. Omgrepet gjenreisingsarkitektur vert brukt om busetnaden som oppstod etter freden. Sjølv om reguleringsarbeidet byrja under krigen med Brente steders regulering (BSR), starta ikkje oppbyggjinga skikkeleg før etter krigen, grunna materialmangel og ekstraordinære forhold.[139] Planane hadde fokus på oversikt, siktlinjer som knytta byen saman med landskapet, og store plassrom.[140]

Det skulle byggjast opp effektivt og rimeleg, ofte med prefabrikkerte element og typeteikningar. Dette gav ein nøktern arkitektur med lite fokus på ornamentering. Dette var ein stor kontrast til korleis Namsos såg ut tidlegare.



Havnegata i Namsos ca.1895. Foto: Ukjend fotograf[142]

Sjølv om det tidlegare óg var ein stram reguleringsplan med kvartalstruktur, var husa prega av høg detaljering og klassisk snekkarglede.

Den nøkterne etterkrigsarkitekturen var på mange måtar prega av modernistiske ideal. Dette gjorde til at Samfunnshuset ikkje skilde seg ut i bybiletet. Det funksjonalistiske bygget står i stil med resten av den modernistiske byen. Sjølv om det skil seg ut i storleik, så er det godt tilpassa den allerereie funksjonalistiske arkitekturen.

FASADANE

Med si sentrale plassering i Namsos si bykjerne, rammar Samfunnshuset saman med kyrkja inn Festplassen i byen. Det er tydeleg at dei ulike fasadane snakkar forskjellige språk, avhengig av både funksjonen på innsida, men óg kvar dei henvender seg i bybiletet.

Ut mot Festplassen og Bråholmgata er det stor bruk av vindauge. I Festsalen er det store, sjudelte vindaugsparti som både slepp inn dagsljoset frå vest, men óg viser dei som går forbi om det er aktivitet inne. Det er óg med på lysa opp sentrum om kveldane. Mot nord er det ein tett fasade med baksidefunksjonar som bosshandtering og bakinngangar til kinosalen.

Mot aust er det den karakteristiske fasaden til kontorfløya som pregar huset. Det er fire vindaugsfelt mellom kvar berande søyle, noko som gjentek seg med fast rytme opp gjennom etasjane. Vindaugsfelta er sett saman av eit vindauge med teakomramning øvst og etasjehøge profilerte teaklister mellom vindauge. Brystninga har ei glasplate med ein karakteristisk blågrøn farge som er med på å gje fasaden sitt særpreg.

Me ser óg skilnaden i bakside og framside i grad av detaljering på til dømes ytterdørene. Dørene på baksida er enkle panelerte dører i teak. På sør- og vestsida var det tidlegare meir utforma teakdører med glas. I dag er det inngangsdører i aluminium, truleg frå 70-talet.

NIVÅSKILNADER

Eit aktivt grep i huset er bruken av nivåskilnader for å skilja mellom forskjellige soner i fyrste etasje. Eit døme er inngangspartiet på vestfasaden. Når ein går inn inngangsdøra må ein fyrst opp to trappetrinn, og dersom ein skal vidare opp i den gamle kaféen må ein opp endå fire trinn. Toaletta til kaféen var i kjellaren under, så då måtte du ned ei trapp. I tillegg var det to trappetrinn for å koma seg opp til nivået toaletta var på nede i kjellaren. Ei intrikat løysing som ikkje fungerer i dag når me ynskjer at alle skal kunne bruka ein offentleg bygning, uavhengig om dei er funksjonsfriske eller ikkje.

I tillegg til å markera overgangen mellom sonene, frigjev nivåskilnadane areal i kjellaren. Bygningen ligg på kote +3,56, og tomta har lite høgdeskilnad og det er ikkje langt ned til grunnvatnnivå. Dersom ein skulle få til ein kjellaretasje, var det kanskje nivåskilnader som måtte til. Sjølv om alle dei små trappetrinna skapar utfordringar knytt til universell utforming i dag, var dei med på å løysa somme utfordringar den gongen bygningen vart teikna.

INTERIØR

Samstundes som mykje er originalt innvendig, har det óg



Original planløysing ved inngangen og opp til kaféen.

Scenen i Festsalen med det karakteristiske sceneteppet.

skjedd fleire endringar i huset gjennom åra.

I kontorfløya er det ein langsgåande gang i kvar etasje med dører inn til cellekontor. Organiseringa av desse har endra seg gjennom åra, og det er truleg lite av det originale att. I dag ber kontora preg av slitasje, i tillegg til at dei kan opplevast som tronge og introverte. I 3. og 4. etasje i den nordvestlege delen var det to leiligheiter: ein til vaktmeister eller forvaltar, og ein til bestyrarrinna av Samfunnskaféen. Desse har vorte omgjort til kontor på eit tidspunkt.

Eit anna rom som har gått gjennom store endringar er kinosalen. I 1999 var den eine salen ombygd til to salar. Den opphavelege salen hadde opp mot 500 plassar og grøne skinnstolar med armlener i tre. Det var skinnkledde veggar i ein slags trekkspelvegg. På veggane var det ljosarmatur, med tre lampar i svart metall med messingdetaljar, festa til ei mahognyplate. Då salen vart ombygd vart det meste bytta ut. I dag er den store salen ein klassisk black box-kino med nye stolar. Salen har vorte brukt til livsnøytrale seremoniar opp gjennom åra. Den vetle salen vart tømt då kinoen flytta, og fungerer i dag som lager.

Det er tre rom me ynskjer å trekkja fram med høg arkitektonisk kvalitet: foajéen, formannskapssalen og Festsalen.

FOAJÉEN

Foajéen er det opprinnelege fordelingsrommet i vestdelen av huset. Her kunne ein anten gå inn i kinosalen, opp i festsalane, inn ei sidedør til kaféen, eller vidare til kontorfløya. Kraftige søyler pregar rommet og vindaugsfelt mot sør slepp inn ljos. Golvet har blå linoleumsfelt, med enkelte mønsterfigurasjonar i ein oransje kontrastfarge. Dette var nytt på 2000-talet, opphaveleg var det mørke linoleumsfliser. Veggane er ei ljos blå platekledning med kvitfarga spiler i eit fast mønster. I tilknytning til foajéen finst óg toalett med fleire originale element: blandebatteri med to kranar, tidstypiske vaskar og lampar. Her er truleg ikkje mykje endra sidan 60-talet. Eit hovudelement i rommet er trappa opp til festsalane. Den er kledd i same linoleum som golvet og har eit dekorativt rekkverk: ei stilig trapp som er med på å gje rommet verdi.

DEN GAMLE FORMANNSKAPSSALEN

Øvst i sørenden av kontorfløya finn me det som tidlegare var formannskapssal. Det har óg sine kvalitetar. Det var opprinneleg kommunestyresal, og dermed eit påkosta rom. Tydelegast er det kanskje med at det har fått eit takoppbygg som slepp inn overljos. Me finn liknande overbygg i det som tidlegare var bassenget, og som i dag er den tidlegare kommunestyresalen. Opphaveleg var det teakpanel på veggane, og overbygget hadde eit keramikkverk frå Alfild Finsberg. Den vart fjerna då overbygget vart tetta igjen, og ligg for tida nedpakka.

I laupet av åra vart rommet ombygd til ordførarkontor og møtelokale. I dag finn me ein grå linoleum på golvet og rommet er delt i to med lettveggar, Taket i overbygget er senka og fungerer som teknisk rom for ventilasjon.

FESTSALANE

Festsalane er det store arrangementslokalet med scene og plass til 350 stk. Dei høge og mange vindauga mot Festplassen slepp inn ljos frå vest, og med takhøgda på om lag 4,3 m, vert det eit luftig rom med godt ljos. Det er foldedører som gjer at salen kan delast inn i fire mindre salar. Golvet er flytande teakparkett, der enkelte bord har vorte bytta ut gjennom åra. Austveggen i det største rommet er kledd i ein ljos beige strietapet, kalla Biri-tapet. I himlinga er det raudfarga akustikkplater. I dei mindre salane fungerer Biri-tapeten som ein brystning, og det er ein turkis farge på veggen opp mot himlinga, som har same farge på akustikkplatene.

Scenen set sitt preg på rommet; med ein turkis farge på sjølve scenen og med sceneteppe i kvite, raude, gule og brune fargar, er den eit blikkfang i det ellers fargenøytrale rommet. Festsalen kan delast i mindre rom med store skyvedører. Dei bakerste romma har noko annleis fargesetjing. Taklampane set óg preg på rommet: tre ljoskuler som heng ned frå taket i ein enkel stålkonstruksjon.

OPPSUMMERING

Samfunnshuset har mange arkitektoniske kvalitetar. Dei tidstypiske elementa frå 1960-talet vitnar om eit bygg med høge ambisjonar – både i utforming og detaljering. Samstundes stiller dagens krav til offentlege bygg og arrangementslokale krav som det originale interiøret ikkje er dimensjonert for. Ved ei renovering må ein ta medvitne val om kva som skal takast vare på og kva som må vika – og desse vala bør gjerast med respekt for dei kvalitetane som er att.



Skjemateikning av foajéen 1:100







D-1 Lampe i Festsalane 1:10

D-2 Bord og stolar brukt i Festsalane 1:10



Skjemateikning av den gamle formannskapssalen 1:100



Skjemateikning av toalett i 3. etasje i kontorfløya 1:50







D-3 Innvendig dør 1:20

D-4 Dørhandtak til hovuddør inn til kontorfløya i 2. etasje 1:5



D-5 Bakdøra inn til scenen i kinosalen 1:20



D-6 Døra inn til det gamle fotoatelieret 1:15

TEKNISK TILSTAND

I dag har Samfunnshuset eit betydeleg vedlikehaldsetterslep, og fleire tiltak er naudsynte for å sikra tilfredsstillande teknisk standard. Me har identifisert fleire symptom og skadar i bygningen som viser somme problem som må løysast.

I det fylgjande vil me peika på nokre sentrale forhold.

BETONGSKADAR OG REHABILITERING

Samfunnshuset er bygd i betong på 1960-talet. Hovudkonstruksjonen har om lag 30 cm tjukkleik, medan lettveggane er på om lag 10 cm. Fleire stader er det tydelege riss i betongen, og armeringsjarn kjem til syne fleire stader. Å fastslå årsaka til skadene er vanskeleg, men dei er truleg ein kombinasjon av store endringar i bygget – til dømes kinoombygginga – og karbonatisering av betongen.

Karbonatisering av betong er ein prosess der betongen reagerer med CO^2 i lufta og dannar kalsiumkarbonat og vatn.[143] Armeringsjarn har opphaveleg pH-verdi på ca. 13, og ved karbonatisering synk verdien til om lag pH-verdi 9. Dermed kan armeringsjarnet byrja å rusta. Rustproduktet har eit stort volum som igjen fører til riss, oppsprekking og etter kvart avskalling av armeringsoverdekninga. Rustinga fører etter kvart til dårlegare beringsevne grunna redusert armeringstverrsnitt. Dette er ein av dei vanlegaste skadane knytt til eldre, klimaeksponerte betongkonstruksjonar[144] og vil vera ein av største utfordringane knytt til betongbygningar i framtida. Spesielt kring verneverdige bygningar reiser betongrehabilitering ein del spørsmål knytt til antikvariske vurderingar.

Ein annan vanleg skade er for høgt innhald av kloridion i betongen. Dette fører til at passivfilmen i betongen vert broten ned, og kan føra til kraftige, lokale korrosjonsangrep.[145] Korrosjon på bakgrunn av at kloridion treff armeringa vert kalla pittingkorrosjon. Det fører til at det vert danna ei grop i armeringa. Dette gjer at armeringstverrsnittet raskt vert senka utan at det er synlege skadar på utsida av betongen. Klorid kan trengja inn utanfrå, som fylgje av sjøvatn eller vegsalt. For Samfunnshuset, som har veg tett inntil på tre sider, er nok vegsaltet det mest kritiske.

Det er fleire moglege metodar for rehabilitering av betong: mekanisk reparasjon, elektrokjemisk realkalisering, katodisk vern, korrosjonsinhibitorar og førebyggjande overflatebehandling.[146] Ofte vert fleire metodar brukt samstundes. Det er ikkje noko fasitsvar på kva metode som er best. Det avheng av skadebiletet, kva type betongoverflate, puss og overflatebehandling[147], i tillegg til økonomi og levetidsvurdering. Kva metode som skal nyttast må gjerast på bakgrunn av ei grundig tilstandsanalyse som fastslår skadeårsak, skadeomfang og konsekvensgrad.[148]

I dag er det fleire stader utført strakstiltak på fasaden for å hindra at laus betong fell ned – mellom anna er metallplater skrudd fast i ytterveggen der det har vore lause fragment. Tydeleg avskalling og synleg armeringsjarn vitnar om at skadane er komne langt. Grunnmuren er dekt med skifer, og fleire stader er det delaminering. Sidan skiferen stikk lenger ut enn vegglivet, er vatninntrenging og frostsprenging truleg årsaka. Også her er det gjennomført midlertidige tiltak. Strakstiltaka er kortsiktige utbetringar – det underliggjande problemet krev ei grundig og heilskapleg rehabilitering. Kva rehabiliteringsmetodar som skal nyttast, må sakkyndige vurdera.

TEKNISKE INSTALLASJONAR OG INNEKLIMA

Når det gjeld tekniske installasjonar, er mykje ikkje modernisert. Det gjeld alt frå mangel på sentrale ljosbrytarar, mekanisk låssystem utan elektronisk adgangskontroll, til skrusikringar i sikringsskapa.

Større problem er knytta til ventilasjon. Spesielt i kontorfløya er det manglande ventilasjon. Dårleg inneklima var noko av hovudgrunnen til at kommuneadministrasjonen vart flytta ut i 2019.[149] Opphaveleg var det naturleg ventilasjon i kontorfløya med inntak under vindauga i kontora. Uttaket var plassert i veggane mot gangen og deretter vart lufta ført opp mot taket. Dette har ført til ustabil temperaturregulering gjennom åra, og tilsette har ytra at det er for varmt på sommaren og for kaldt på vinteren. Ved vidare prosjektering må oppgradering av inneklimaet i kontorfløya vera eit hovudpunkt. Etasjehøgda i kontorfløya er 2,5 m, noko som vil krevja gode løysingar når ein skal setja inn plasskrevjande ventilasjonssystem.

ENERGIFORHOLD OG ISOLERINGSTILSTAND

I alt vil det vera aktuelt å energioppgradera bygningen betydeleg. Dette gjeld både etterisolasjon og oppgradering av vindauge. Riktige energitiltak krev ei individuell vurdering av bygningen sin kulturhistoriske verdi, byggjeteknikk og konstruksjonsmåte. Dessutan må faren for bygningsfysiske fylgjeskadar verta vurdert. I fylgje bygningsdokumentasjonen varierer det mellom 100-250 mm innvendig isolasjon i ytterveggane. Det er truleg korkisolasjon. Frå ein teknisk ståstad er det

Tydeleg betongriss på dametoalettet tilknytta foajéen.

ynskjeleg at etterisolasjonen skjer utvendig. Det er best med tanke på både fukt og energi. Innvendig isolasjon gjev problem med kuldebruer, og temperaturen i den opprinnelege veggen vert lågare – noko som aukar faren for kondens, dårleg uttørking, frostskadar, korrosjon og karbonatisering.[150]

Det er likevel ei anna sak når det kjem til verneverdige bygg. Då må dei antikvariske verdiane vurderast. Det er

Ved etterisolering vil det vera problem med kuldebruer, blant anna her, ved balkongen i kontorfløya.

ikkje uvanleg å etterisolera innvendig dersom fasaden vert vurdert som verneverdig. Dette har vorte gjort blant anna i Sundtbygget i Bergen[151] og rådhuset i Bergen[152]. Sjølv om dette fører til at energistandarden vert dårlegare enn ved utvendig isolering, må ein akseptera det for å ta vare på fasaden.

Det finst likevel andre måtar å få opp energistandarden i hus. Vindauge er den bygningsdelen i ytterveggen som har størst varmetap, både med tanke på varmetap, komfort og lydgjennomgang.[153] Det vil vera ei vesentleg oppgradering å skifta ut glasa i vindauga med nye, moderne glas. Sjølv om ein byter glasa, kan ein ta vare på vindaugskarmane som har både høg materiell- og arkitektonisk verdi, og bør takast vare på.
TEK17 opnar for unntak frå energikrava dersom desse ikkje er foreinlege med vern av kulturminne og

Vestfasaden har eldre vindauge som treng teknisk oppgradering.

antikvariske verdiar: “Oppfylling av energikrava skal skje i så stor utstrekning som mogleg innanfor kva som er tilrådeleg med hensyn til å halda på historiske kvalitetar”.[154] Det vil sei at det må gjerast ei vurdering av fasadane i spørsmålet om etterisolering. Dette diskuterer me meir i kapittelet om verdivurdering, men me ser på fasadane som verneverdige og meiner det vil forringa dei arkitektoniske kvalitetane dersom fasadane vert isolert utvendig.

HELSESKADELEGE MATERIALE OG FUKTFORHOLD

Fleire stader i bygningen finn me golvfliser som truleg innehar asbest.[155] Ved ei rehabilitering er det naturleg å skifta ut dei helseskadelege materiala. I tillegg ser me sopputslag blant anna i himlinga i Festsalen. Dette er ikkje noko me kjem til å gå inn i, men me konstaterer at det er problem med fukt og at det må utbetrast.

UNIVERSELL UTFORMING

Slik bygningen er i dag oppfyller den ikkje krava til universell utforming. Det fylgjer av bygningen si rolle som offentleg bygg at det skal vera universelt tilgjengeleg. I dag er det totalt sju ulike nivå i fyrste etasje. I nyare tider er nivåskilnadane løyst med dei fleste stader løyst med ramper, og fleire plassar er det for bratt stigning samanlikna med dagens krav.

Rampe ved hovudinngangen på sørsida.

I tillegg er det kun éin heis i heile bygningen. Denne har plass til fem personar og oppfyller ikkje krava til heis i publikumsbygningar. Den har blant anna ikkje plass til elektrisk rullestol. Dersom Festsalen skal kunne leigast ut til arrangement er ein avhengig av å få sett inn ein ny og større heis. Kanskje vil det vera aktuelt å bruka ein av dei eksisterande trappekjernene til heissjakt.

BRANNTEKNISKE FORHOLD

Det er óg utfordringar knytta til brann. Prinsipielt skal ein bygning brannseksjonerast og ha branneller i tilknytning til rømningsveg, og her er det manglar. Det er til dømes i nordre trapperom eit problem med rømningsveg. Der slår døra ut i rømningsveg og stengjer trappelaupet. I tillegg er trappa 80 cm brei, noko som er under dagens minstekrav på 90 cm.

Bygget er i risikoklasse 5, det nest høgste nivået, og er berekna for varig opphald av personar som ikkje nødvendigvis kjenner til rømningsforholda. Brannklassen vert fastsett ut frå konsekvensen ein brann kan ha for liv, helse og samfunnsmessige interesser, og er avhengig av bruk, tal på personar, storleik og planløysing.[156] Samfunnshuset er ein stor, kompleks bygning som har potensiale til å ha mange besøkande. Difor må eit godt brannkonsept vera ein føresetnad for vidare bruk.

REFLEKSJONAR

Ei teknisk oppgradering av Samfunnshuset reiser spørsmål utan enkle svar. Kva skal takast vare på, kva kan ofrast, og kva bør ein ikkje inngå kompromiss på? Det som er viktig er at verdiane i huset ikkje vert forringa i prosessen.

Nokre tiltak er lovpålagde. Krava til branntryggleik og universell utforming vil krevja større inngrep i bygget. Andre avgjerder er verdival. Spørsmålet om innvendig eller utvendig isolering er eit godt døme: utvendig isolering er teknisk sett den beste løysinga, men det vil svekka den arkitektoniske kvaliteten i fasaden. Det er eit kompromiss ein må ta stilling til – og det finst ikkje eit fasitsvar.



Betongskadar i fasaden er midlertidig fiksa med metallplater.

Kva bruk bygget skal ha framover, er avgjerande for kva tiltak som er naudsynte. Dersom Festsalen skal vera i aktiv drift og leigast ut til større arrangement, utløyser det ei rekkje krav – til heis, rømningsvegar og tilgjenge – som kjem i direkte konflikt med omsynet til vernet. Programmet og tilstanden må sjåast i samanheng.

Etterkrigstida sine betongbygg er i ferd med å verta ein av dei store utfordringane i norsk bygningsvern. Betongskadar byrjar å gjera seg gjeldande i stor skala, og Samfunnshuset er langt frå åleine om problema. Korleis me handterer dette, vil vera ein prøvestein for bygningsvernet i Noreg dei komande tiåra. Omgrepet varsam handtering er sentralt i dette arbeidet. I praksis tyder det å gjera det som er naudsynt, utan å gjera meir enn naudsynt. For eit bygg med så samansett tilstandsbilete som Samfunnshuset, er det ei krevjande retningslinje å fylgja. Det krev god fagleg dømmekraft, tydelege prioriteringar og vilje til å akseptera at løysingane ikkje alltid kan verta optimale – korkje teknisk eller antikvarisk.

Denne rapporten gjev eit oversyn over sentrale utfordringar, men har avgrensingar. Fleire av dei problema som er peika på krev grundigare tilstandsanalyse før ein kan konkludera om årsak, omfang og tiltak. Det gjeld særleg betongskadar, fuktforhold og brannteknisk løysingar. Rapporten må difor lesast som eit kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid i denne oppgåva.

SYMPTOM

Vidare i neste kapittel vil me synleggjera nokre av symptoma. Me kjem ikkje til å peika på alle, men ta med eit utval som representerer nokre av problema bygningen står overfor.





D-7 Snitt av yttervegg i kontorfløya 1:20

D-8 Snitt av yttervegg i Festsal 3 1:50

SYMPTOM

UTVENDIG KLEDNING
Skiferkledning på grunnmuren rustar opp og fell ned. Dette er spesielt gjeldande på sør- og austfasaden, samt på søylerekka på vestfasaden, som óg er kledd med skifer. Den står truleg for langt ute i vegglivet og er dermed utsett for frostsprengning.

UTVENDIGE BETONGSKADAR
I fasaden har betongen mange stader forvitra og det er óg meldt om tilfelle der betongen fell ned frå høgder.[157] Fleire plassar er det gjennomført midlertidige tiltak ved å skru metallplater på fasaden for å hindra vidare utvikling.

SYNLEG ARMERINGSJARN
Fleire plassar er betongforvitringa kome så langt at armeringsjarnet er visuelt synleg. Eit døme er ved den eine inngangsdøra på baksida.

MALING
Det er behov for ny overflatebehandling fleire stader. Blant anna er det under balkongane tydeleg at malingen flassar, og på sørfasaden på vestfløya er det spor etter den tidlegare klatreplanta som var på veggen.









ISOLASJON I KONTORFLØY

Under vindauga i austfasaden er brystninga om lag 10 cm tjukk. Det indikerer at det er lite isolasjon her. Det gjeld i alle etasjane. Generelt er heile bygningen lite isolert, men sidan kontorfløya skal fungera som kontorplass, er det spesielt kritisk her.

VENTILASJON

Opphaveleg var det naturleg ventilasjon i bygningen med inntak av frisk luft under vindauga i austfasaden. Dette har truleg ført til kalde temperaturar. Nokre stader er ventilane tetta att med byggskum.

Det er óg enkelte ventilasjonsrom i huset. På biletet ser me eitt av dei i 4. etasje i kontorfløya.

SMALE TRAPPER

To av trapperomma har spesielt smale trapper: i kontorfløya og i Festsalen. Spesielt trapperommet i kontorfløya er utfordrande då det fungerer som rømningsveg.

MUGG I FESTSALEN

I himlinga i Festsalen er det tydeleg førekomst av sopp i akustikkplatene.











ELEKTRISK ANLEGG
Mykje av det elektriske anlegget er utdatert, blant anna er det skrusikringar i sikringsskapa, her vist ved sikringsskapet i kaféen.

HEIS
Det er i dag ein 5-personsheis i kontorfløya som er for liten etter krava til eit publikumsbygg. Det er óg ein matheis i den gamle samfunnskaféen som ikkje er i bruk i dag.

HELSEFARLEGE MATERIALE
Golvbelegget i inngangen til Festsal 3 har mest sannsynleg asbest. Dette finn me óg truleg fleire plassar i bygningen.

BRATTE RAMPER
Fleire stader i bygningen finn me ramper som er for bratte etter dagens krav i TEK17.









VERDIVURDERING

Kva er eit kulturminne og kva vil det seia at noko har verdi? I kulturminnelova § 4 står det at kulturminne er "alle spor av menneskeleg verksemd i vårt fysiske miljø, herunder lokalitetar det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til".[158] I kulturminneforvaltninga er ein merksam på at omgrepet kulturminne aldri er nøytralt og at det alltid ligg val og prioriteringar bak kva som får vera slike minne.[159] Det er med andre ord menneske som tillegg noko verdi, og det er difor alltid ei subjektiv vurdering. Laurajane Smith fastslår: "There is, really, no such thing as heritage".[160] Det er fyrst når nokon tillegg ein gjenstand verdi at det får verdi. Ofte er det fagpersonar som ilegg noko ein kulturminneverdi, og det hender at det ikkje er samsvar med kva dei meiner og kva folk flest meiner.

I kulturminnevernet kan ein snakka om mange typar verdivurdering knytta til bygningar og gjenstandar. Kva ein fokuserer på avheng av type prosjekt, fokusområde, osv. Me vil i denne oppgåva ta utgangspunkt i Riksantikvaren sin rettleiar for verdivurdering. Der vert det peika på dei ulike kategoriane ei verdivurdering kan delast inn i: kunnskapsverdi, opplevingsverdi og bruksverdi – alle med fleire underkategoriar.[161] I tillegg til å verdisetja kulturminna er det óg viktig å vekta kor stor verdien er. Me kjem her til å trekkja fram enkelte verdiar.

KUNNSKAPSVERDIAR

Kulturminna har særleg betydning som kjelde til kunnskap og forståing av fortida.[162] Dei viser at fortida ikkje er noko som finst i historiebøkene, men har ein fysisk realitet.[163] Handfaste kulturminne gjev eit innblikk i levd liv og i korleis folk budde, arbeidde og møttest i tidlegare tider. Samfunnshuset er eit slikt minne, og det er fleire kunnskapsverdiar å trekkja fram.

Trehusa i Havnegata rundt 1890. Foto: Axel Lindal/Nasjonalbiblioteket[180]

Arkitektur- og handverkshistoria

Namsos fortel noko om arkitektur- og handverkshistoria til Noreg. Før krigen var Namsos ein by med eit mangfaldig utval av trehus. I mellomkrigstida hadde funksjonalismen byrja å gjera seg gjeldande i Noreg. Då byane skulle byggjast opp att etter krigen hadde betong fått fotfeste som byggjemateriale. I mange byar vart det murtvang, men i Namsos, ein by med lang sagbrukshistorie, vart det ei blanding av tre- og betonghus. Oppattbyggjinga av dei bomba stadene er eit unikt kapittel i den norske arkitektur- og byplanleggjingshistoria. Sjølve huset har óg stor arkitektonisk verdi, både som typologi og med sine fysiske kvalitetar.

Samfunnshuset er eit sentralt element i historia om gjenoppbyggjinga av Namsos. I Namsos vart materiala brukt på ein nøktern og enkel handverksmessig måte. Bygningsvoluma var i hovudsak i to etasjar med saltak og takvinkel på om lag 30 grader – typisk for 50- og 60-talets arkitektur, og eit godt døme på gjenreisingsarkitektur, slik Riksantikvaren skildrar det.[164] Samfunnshuset er derimot eit påkosta hus, men i nøktern forstand. Det vart uttalt under planleggjinga at bygningen ville "[…] få en meget solid utførelse og en god kvalitetsstandard uten på noen måte å bli luksuspreget".[165] Det var passande for eit representativt bygg av denne art. Med ferdigstillinga av Samfunnshuset i 1961, vert det av fleire peika på som siste steinen i gjenoppbyggjinga.[166] Plasseringa attmed Festplassen og kombinasjonen av rådhus og samfunnshus, gjer det til eit symbol på gjenreising, fellesskap og demokrati.

Saman med resten av busetnaden i byen har Riksantikvaren definert Samfunnshuset som ein del av eit nasjonalt kulturmiljø. Kulturminnelova definerer kulturmiljø som "område der kulturminne inngår som del av ein større heilskap eller samanheng".[167] Det særeigne med gjenreisingsbyane er nettopp denne heilskapen – ein by med eit samanhengande og særprega uttrykk.

Sosialhistoria

Huset fortel òg noko om sosialhistoria i Noreg etter krigen. Gjenreisingsarkitekturen representerer viljen til å byggja landet opp att – og høvet til ein ny start med likskap, fridom og velferd for alle. Samfunnshuset var sameigd av Namsos kommune og Arbeidernes Økonomiske Fellesorganisasjon (AØF), og vart finansiert gjennom lån, krigsskadeerstatning og kontantinnskot frå AØF. Det var med andre ord folket sjølv som finansierte si eiga storstove. Dette kjem òg til uttrykk i vedtektene for drifta frå 1958. Der heiter det i §1A, punkt 4, at

Samfunnshuset og dets forsamlingslokale skal stå til disposisjon for alle allmenne behov i byen og distriktet. Alle lag og foreiningar var sikra rett til å nytta huset til møte, festar, teater og konsertar.[168] Huset var bygd for fellesskapet – og det skulle vera ope for alle.

OPPLEVINGSVERDIAR

Der kunnskapsverdiane er fagleg forankra, spring opplevingsverdiane ut av personlege og kollektive erfaringar. Dei seier noko om korleis kulturminne påverkar oss – som individ og som samfunn.[169]

Identitetsverdi

Då Samfunnshuset stod ferdig romma det både kino, symjehall, butikkar, restaurant, miniatyrskytebane, kontorplassar, og rådhus. Gjennom åra har det vore mange tilstellingar og mykje liv i bygningen. Namsosingar i alle aldrar har minne frå huset. Det er tallause små hendingar som fest i Festsalen og turar til kinoen, eller større hendingar som då kongeparet var på besøk i teatersalen eller då ein lærte seg å symja i bassenget. Alt dette gjer at folk knyter minne til huset og gjev huset ein identitetsverdi. Samstundes er det variasjon i kven som ynskjer å ta vare på huset.



Elevane ved Høknes barneskole i symjebassenget i 1972. Foto: NA[181]

Då kulturminnevernstudent Sigrid Vadstein i si masteroppgåve frå 2020 gjennomførte ei spørjeundersøkjing om namsosingar sitt forhold til Samfunnshuset, var det stor variasjon i svara.[170] Færre sa dei følte ei personleg tilknytning til bygningen, og dei som følte slik var mest personar over 70 år.[171] I nyare tid har dei publikumsretta funksjonane flytta ut og dermed har eldre generasjonar eit anna forhold til huset enn den yngre generasjonen. Blant dei som stilte seg negative til Samfunnshuset var fokuset på dårleg vedlikehald og kostnadar knytta til rehabilitering.[172] Fleire ytra óg ynskje om å "riva skiten", utan noko vidare grunngjeving.[173]

I mange høve er det skilnad på det ein såg på som verdifullt før og det ein ser på som verdifullt i dag. Dette er spesielt interessant når det kjem til etterkrigsarkitekturen. Betongbygningar frå denne tida har ein tendens til å skapa debatt og sterke meiningar, både negative og positive. I si masteroppgåve i kulturminneforvaltning skriv Astrid Eidhammer Austrheim om korleis lokalbefolkninga i Molde og Åndalsnes oppfattar gjenreisingsarkitekturen som finst her.[174] I ei spørjeundersøkjing svarar fleirtalet at dei meiner arkitekturen gjer byen trist og grå, samstundes som dei påpeikar at gjenreisingsarkitekturen er ein viktig del av kulturarven vår.[175] Fleirtalet ser óg på gjenreisingsarkitekturen som framand, og dei som meiner den er stygg, seier at den ikkje representerer byen sin identitet.

Arkitekturteoretikaren Christian Norberg-Schulz skriv at "menneskeleg identitet føreset staden sin identitet".[176] Han skriv at ein stad er noko som knyt ei gruppe menneske saman ved ein felles identitet. Det legg med andre ord grunnlaget for fellesskapet eller samfunnet. Namsos kan opplevast som ein by som leitar etter sin eigen identitet.[177] Byen har røter som sagbruksby og har i nyare tider profilert seg sterkt som trønderrockens heimstad. Men det er ei anna historie som formar Namsos like mykje, kanskje meir: gjenreisingsbyen. Etter krigen vart Namsos bygd opp att frå grunnen, og arkitekturen fortel framleis den historia. Likevel verkar det som byen ikkje heilt har innfunne seg med denne rolla. Som gjenreisingsbygg har Samfunnshuset ein identitetsverdi som strekkjer seg ut over det reint arkitektoniske – det er eit materielt vitnesbyrd om ein avgjerande periode i byens historie.

Autentisitetsverdi

Det at huset ikkje har gått gjennom vesentlege oppgraderingar sidan 60-talet, gjev det óg ein autentisitetsverdi. Mykje er likt som på 60-talet, på både godt og vondt. Eit godt døme er logistikken rundt større arrangement. Ved eit høve i Festsalen var det 210 sitjande gjester og 18 servitørar i sving. Mat vart tilberedt på kjøkkenet i kjellaren, og deretter frakta opp anten via matheisen eller den smale trappa til 2. etasje – ei trapp på knapt 80 cm i breidda, for smal til at to personar kan passera kvarandre. Derifrå vart maten plassert på anretningskjøkkenet; eit lite, smalt rom med lave kjøkkenbenkar, men med bestikk, servise og naudsynt materiell til servering. Herifrå betjente servitørane gjestene. I dag framstår dette som ei lite eigna løysing. Likevel er det eit tankekors at dei fekk det til å fungera. Det vitnar om eit anna tankesett rundt drift, arbeid og

"Trivelig landsmøtefest […] ble fin "premiere" for salen"[182], stod det på trykk i Namdal arbeiderblad juli 1961. Foto: Ukjend fotograf[183]

tilretteleggjing – og kanskje om ein annan arbeidskultur. I dag er krava til tilgjenge, arbeidsforhold og effektivitet annleis, og det formar korleis me ser på det som er. Samstundes er det ein verdi i å sjå korleis krav og forventningar har endra seg over tid. Bygget fortel ei slik historie.

BRUKSVERDI

Kva bruksverdi ein bygning har er ein viktig del av verdivurderinga. For den breie kulturminneforvaltninga er vern gjennom bruk etablert som hovudprinsipp. Prinsippet er at bygningar med verneverdi må vera ressursar i ei heilskapeleg samfunnsutvikling, og ikkje fungera som frosne monument i tida. Dermed må ein tilpassa bruken til huset, men óg til ei viss grad huset til bruken. Det skal vera mogleg å gjera tiltak i verneverdige hus for å gjera dei brukande i dagens samfunn. Men dette må skje på ein varsam måte med stort medvit om kva verdiar som er til stades. Samfunnshuset har blant anna store utfordringar knytt til universell utforming. Dette må utbetrast for at huset skal kunne takast i offisiell bruk. I tillegg veit ikkje kommunen kva huset skal brukast til. Dermed er det vanskeleg å vita om det er naudsynt med endringar innvendig.

Bibliotekar Karl Renbjør i 1972. Foto: Namdal Arbeiderblad[184]

Som tidlegare nemd var det eit stort program Samfunnshuset skulle romma då det vart bygd. Gjennom åra endra bruken seg, til det i 2019 stod utan faste brukarar. Ein kan dermed seia at bruken har endra seg dramatisk. Men sjølv om bygningen ikkje er i offisiell bruk er det framleis stor bruksverdi her. Som tidlegare vist er det stor aktivitet å finna her, og enno fleire ynskjer å ta det i bruk. Det er store areal som kan takast i bruk og som igjen kan få ein levande verdi.

Ressurs- og økonomisk verdi

Med si sentrale plassering har Samfunnshuset ein stor økonomisk verdi. Det er på mange måtar den mest attraktive tomta i byen – ettertrakta og med potensiale for store leigeinntekter. Difor var det ei tydeleg symbolsk handling å leggja rådhuset her, i tilknyting til samfunnshusprogrammet: dette er fellesskapets hus. At tomta er gjeven til fellesskapet gjennom eit samfunnshus, er i seg sjølv ein verdi.

Eitt av dei mange teak-vindauga i Samfunnshuset.

Samfunnshuset er òg ein praktisk ressurs. Fleire frivillige lag i byen manglar samlingslokale, og huset kan tilby nettopp det.[178] I tillegg ligg det ein stor materialverdi her – frå teakvindauge og -dører til betong og berande søyler. Alt har verdi som byggjemateriale, og det å ta vare på det som finst er ein viktig del av ei berekraftig tilnærming til bygde omgjevnader.

Byggebransjen står for om lag 40% av klimagass-utsleppa, mykje av det som fylgje av riving og deponering av byggjemateriale. I ei berekraftig framtid er det ikkje mogleg å fortsetja slik. Å verna, oppgradera og energieffektivisera eksisterande bygningar er eit av dei viktigaste tiltaka me har – og Samfunnshuset er eit konkret døme på kva som står på spel.

REFLEKSJONAR

Samfunnshuset er eit hus med stor og samansett verdi. Som typologi vitnar det om kva ein såg på som naudsynt for å byggja opp velferdssamfunnet etter krigen – eit hus for fellesskapet, finansiert av folket og ope for alle. Som fysisk objekt er det eit av dei fremste døma på gjenreisingsarkitektur i Namsos, og ein del av eit nasjonalt kulturmiljø. Kunnskapsverdiane, opplevingsverdiane og bruksverdiane er alle til stades og forsterkar kvarandre.

Samfunnshuset i 1961. Foto: Namsos historielag.[185]

Samstundes er ikkje verdien sjølvsagt for alle. Huset er slite, og mange namsosingar har eit distansert forhold til det. Det gjer ikkje verdien mindre – men det stiller krav til korleis ein kommuniserer han. Å argumentera for vern av Samfunnshuset er òg å argumentera for gjenreisingsbyen som identitet.

Som nemnt innleiingsvis er ei verdivurdering alltid ei subjektiv vurdering. Ein arkitekt vil leggja vekt på andre kvalitetar enn ein historikar, og begge vil vurdera annleis enn ein lekmann. Spørjeundersøkjingane frå Vadstein og Austerheim viser at lokalbefolkninga har eit ambivalent forhold til gjenreisingsarkitekturen – mange ser han som ein viktig del av kulturarven, samstundes som dei opplever han som grå og trist. Dette er ikkje uvanleg for etterkrigsarkitektur, og det stiller krav til oss som fagpersonar: me må kunne visa fram dei kvalitetane som allereie finst og syneleggjera dei.

Ein annan spenning i denne verdivurderinga er tilhøvet mellom dei ulike verdikategoriane. Autentisitetsverdien ligg mellom anna i det som ikkje er endra – men det uendra er samstundes det som skapar dei største tekniske utfordringane. Ny bruk krev tilpassing og oppgradering, medan autentisitetsverdien krev varsemd. Desse omsyna kan trekkja i ulike retningar, og det finst ikkje eit fasitsvar på korleis dei skal vegast mot kvarandre.

Berekraft er eit tredje perspektiv som bør vera med i ei slik vurdering. Berekraft kan delast inn i sosial, økonomisk og miljømessig berekraft, og dei tre dimensjonane må sjåast i samanheng.[179] Å ta vare på Samfunnshuset er berekraftig i alle tre tydingane: det reduserer klimaavtrykket frå riving og nybygg, det bevarer ein sosial møteplass for byen, og det kan gje økonomisk avkastning gjennom utleige og aktivitet. Desse dimensjonane forsterkar kvarandre – og gjer argumentet for vern sterkare.

KONKLUSJON

Samfunnshuset er eit bygg med mange lag – av historie, av endringar og av bruk. Denne verdivurderinga har vore eit forsøk på å lesa desse laga, og å forstå kva som gjev bygget verdi. Innsiktene har vore avgjerande for korleis me har nærma oss den vidare prosjekteringa, og ligg til grunn for mange av vala me har teke.

I arbeid med eksisterande bygningar handlar det alltid om avvegingar – mellom det som må takast vare på og det som kan endrast, mellom det som er umisteleg og det som kan gå tapt. Denne verdivurderinga har gjeve oss eit grunnlag for å gjera desse avveigingane på ein medviten måte. Etter vår vurdering har Samfunnshuset stort potensiale for å koma i aktiv bruk att. Det krev ei teknisk oppgradering, men verdiane som ligg i huset gjer det verdt å ta vare på – både for Namsos og som del av ein nasjonal kulturarv.

Hovudinngangen på sørfasaden.

Foajeen i Samfunnshuset.

POTENSIALE

Namsos samfunnshus framstår i dag som eit bygg med eit tydeleg, men delvis uforløyst potensial. Offisielt står bygningen tom, og dei få funksjonane som er att i bygningen vert opplevde som mellombelse og fragmenterte.

HØG AKTIVITET BAK EIN "TOM" FASADE

Trass i statusen sin som fråflytta, estimert det at ei betydeleg mengd personar nyttar seg av lokala kvar veke.[186] Kor, korps, seniordans, brettspelklubb, kulturskule, kunstnarar, frivillige organisasjonar og seremonielle aktivitetar fyller romma på tvers av bygget gjennom heile dagen. Kommunestyresalen vert nytta til korøvingar og bryllaupseremoniar, Festsalane til orkesterøvingar, og dei tidlegare kinolokala til undervisning og kulturaktivitet.[187] Dette viser at bygget framleis fungerer som ein viktig sosial arena, og at det er eit stort behov for sentrale og eigna areal til ein stor variasjon av frivillig aktivitet. Samstundes er bygget prega av slitasje og tekniske manglar. Store delar av areala står ubrukte, og utfordringar knytte til inneklima og vedlikehald avgrensar både bruken og utviklingsmoglegheitene. Dette skapar ein situasjon der etterspurnaden etter lokale er høg, men der den faktiske kapasiteten til bygget ikkje vert utnytta fullt ut.

BEHOV FOR NYE LØYSINGAR

Behovet for å tenkje nytt om Samfunnshuset vert forsterka av komande endringar i arealbruken til kommunen. I dag har kommunen ein avtale med Rock City, der dei får leiga areal til kinodrift, livssynsnøytrale seremoniar og møte- og konferanseverksemd. Denne leigetavtalen går ut i 2031, utan at det er planlagt forlenging.[188] Dermed står kommunen utan eigna lokale til desse føremåla, og utan nokre gode alternativ å flytte drifta til. Dette aktualiserer Samfunnshuset som ein mogleg arena for å samla fleire tilbod, anten gjennom rehabilitering eller ombyggjing. Fleire behov peikar seg ut samstundes: det er eit ynskje om livssynsnøytrale seremonirom, der særleg Festsal 1 i Samfunnshuset vert trekt fram som eit meir verdig og fleksibelt alternativ enn dagens løysingar på Rock City.[189] Det er òg interesse for å tilbakeføra kinodrift til bygget[190], noko som kunne ha styrkt sentrum som møtestad.

"FRIVILLIGHEITA SITT HUS"

Eitt av ynskjene som oppstod under diskusjon om kva Samfunnshuset potensielt kan nyttast til i framtida, er som eit meir heilskapleg «Frivilligheita sitt hus».[191] Då kan frivilligsentralen i Namsos få ei koordinerande rolle, og fungera som både organisator av drift og som eit nav i bygget. Dette føreset eigna rom for organisasjonsliv, kor- og orkesterøving og annan aktivitet, samt støttefunksjonar som lagringsplass, kjøkken og sosiale soner – til dømes ein kafé. Ei slik satsing kunne ha styrkt samspelet mellom ulike aktørar i Namsos, og gjeve auka aktivitet i sentrumsområdet gjennom heile dagen, heile veka.

MEDVERKNADSPROSESS

Ein medverknadsprosess som vart gjennomført i samarbeid mellom Namsos kommune og INAM Innovasjon Namdal, konstaterer det same. I rapporten deira kjem det fram at dei tre viktigaste punkta som kjem fram etter å ha gått gjennom innspel frå prosessen er tilgjengelege møtestader og opphaldsstader, galleri- og museumsaktivitet og eit ynskje om å skapa eit hus tilpassa lag og frivilligheit i Namsos.[192]

KULTURSKULEN

Kulturskulen vert òg trekt inn som ein potensiell sentral aktør med behov for areal, då ein kunne samlokalisert fleire av kulturtilboda deira på Samfunnshuset. For å få til dette vert det òg trekt fram i diskusjonen at bygget har nokre bygningsmessige avgrensingar med tanke på denne bruken, mellom anna avgrensa takhøgd og tekniske tilhøve.[193]

STYRKING AV LOKALDEMOKRATI

Eit anna forslag for framtidig drift er å flytta kommuneadministrasjonen tilbake til Samfunnshuset, for på nytt å forankra lokaldemokratiet i sentrumsområdet. Samstundes er det avklara at kommunen ikkje har akutt behov for auka kontorareale[194], noko som kan gje større handlingsrom til å prioritera publikumsretta og aktivitetsbaserte funksjonar òg i kontorfløya.

VEGEN VIDARE

Samla sett viser utviklinga av Namsos samfunnshus eit skifte frå eit heilskapleg samfunnsbygg til eit meir fragmentert bygg med mange parallelle, men uavklarte funksjonar. Endringane har skjedd gradvis gjennom utflytting, ombygging og tilpassingar til nye behov, samstundes som manglande vedlikehald har bidrege til fysisk forfall. Resultatet er eit bygg som framleis er i aktiv bruk, men utan ei samla retning for framtidig funksjon. Dette gjer spørsmålet om den vidare utviklinga av Samfunnshuset særleg aktuelt. Med fleire sentrale funksjonar utan avklarte løysingar etter 2031, oppstår spørsmålet om ei framtidig rehabilitering kan samla og revitalisera bygget. Målet vil i så fall vera å gjera Namsos samfunnshus til eit heilskapleg og levande midtpunkt for kultur, frivilligheit og offentleg aktivitet i byen.



Festsal 1 med dei karakteristiske lampane, skyvedørene og rekkverket framfor vindauga.

05 PROSESS

Som regel var det mogleg å finna ein pult og ein stol å arbeida med, slik som her i øvste etasjen i kontorfløya.

PROSESS OG METODE

FORARBEID OG MODELLARBEID

Før feltopphaldet hadde me laga ein 3D-modell av huset med utgangspunkt i dei originale 1:50 plan-, snitt- og fasadeteikningane me fekk av kommunen. Bygningsmappa inneheldt svært få detaljteikningar, og i eit møte med Espen Aursand – son til arkitekt Arne Aursand – fekk me vita at arkivet ikkje lenger eksisterte. Dei mest detaljerte teikningane me hadde var dermed 1:50-teikningane, med unntak av eit 1:20-snitt av ytterveggen i kontorfløya, laga i samband med ny solskjerming på 90-talet. Det var enkelt å lesa kva som var berande og ikkje-berande veggar gjennom planteikningane. I tillegg var dei forskjellige nivåskilnadane tydeleg markerte. Dermed fekk me ei oversikt over dei, sjølv om det var naudsynt å opphalda seg i huset for å forstå korleis det hang saman.

Modellen vart brukt til å ta ut teikningar til diskusjon. I tillegg vart det 3D-printa fleire modellar i målestokk 1:200 – ein av heile huset, ein av 1. etasje og ein av 2. etasje. Desse var nyttige under samtalane oss i mellom, og med andre.

FELTOPPHALD

Ein viktig del av prosessen var opphaldet vårt i Namsos. Frå måndag 2. til fredag 6. februar var me i Namsos og tilbrakte dagane på Samfunnshuset, der me vart kjende med huset og fekk innblikk i historia. Me fekk tilgang til heile huset og fekk óg stor hjelp av vaktmeister Rolf Hestvik, som forklarte endringar i bygningen, kva dei kom av, og korleis ting hadde vore tidlegare.

Gjennom veka hadde me samtalar med fleire interesseaktørar – både for å forstå historia fram til no og for å høyra kva dei meinte burde skje med bygget. Det var eit utval av folk me hadde vorte tipsa om, og av folk me såg hadde engasjert seg i saka. I tillegg gjennomførte me to digitale møte etter me var returnerte til Trondheim.

OPPMÅLING

Dette er eit stort og komplekst bygg, og ei fullstendig detaljoppmåling var ikkje aktuelt – både grunna tidsramma og oppgåva si problemstilling. Me vurderte dei eksisterande teikningane som tilstrekkelege, men justerte modellen fortløpande der me oppdaga avvik.

Oppmålingane vart gjennomførte med avstandsmålar, tommestokk og måleband. Me hadde på førehand peikt ut kva me meinte var viktig å dokumentera, mellom anna skjemateikningar av enkelte rom, samt tekniske detaljsnitt. I tillegg målte me opp fleire dører, lampar og mindre element. Utandørs vart målingane teikna på papir; innvendig teikna me direkte på data. For å dekka mest mogleg arbeidde me kvar for oss, men møttest jamleg for å diskutera framgangsmåtar. I tillegg dokumenterte me store delar av huset gjennom foto.

Etter opphaldet ferdigstilte me digitaliseringa av oppmålingsteikningane. Der me ikkje har hatt høve til å gjera oppmåling, har me teke utgangspunkt i eksisterande teikningar eller markert med stipla linje. Alle analysar og tekstar er skrivne i etterkant av opphaldet, sjølv om tankearbeidet tok til medan me var der.

METODEKRITIKK

Alle metodeval inneber avgrensingar. I det fylgjande reflekterer me over dei vala me har teke i arbeidet med dette kunnskapsheftet, og kva konsekvensar dei kan ha hatt for resultatet.

Kjeldematerialet me fekk tilgang til var avgrensa. Det var få detaljteikningar, og dette kan ha fått konsekvensar for nøyaktigheitar i modellen og i analysen.

Samfunnshuset er eit bygg på om lag 4 500 m2. Det er eit komplekst bygg og éi veke er kort tid for å forstå huset fullt ut. I og med me var kun to personar med avgrensa tid, er det mogleg at me har oversett ting. Men som nevnt tidlegare; teikningsmaterialet hadde eit detaljeringsnivå som var passande til vår problemstilling.

Me har i alt snakka med sju aktørar medan me var på Namsos. Det betyr at det er mange me ikkje har snakka med. Likevel merka me i laupet av samtalane at me fekk godt innblikk i historia og problema.

Det er óg viktig å vera merksam på at det ikkje er ei fagleg tilstandsanalyse utført av ingeniørar eller spesialistar. Dei visuelle observasjonane me har gjort har avgrensingar – særleg knytt til betongskadar og fukt.

Subjektivitet er ibuande i alle verdivurderingar. Som arkitektstudentar har me truleg vektlagt fysiske og estetiske kvalitetar tyngre enn til dømes økonomi eller sosiale omsyn. Dette er eit medvite val, men det er likevel ein fare for at andre perspektiv har kome i bakgrunnen. Me er òg medvitne om at Namsos er ein kommune med trong økonomi, og at ei renovering av det omfanget me skisserer vil krevja store ressursar – noko som kan vera avgjerande for om vurderingane våre let seg realisera i praksis.

Fyrste synfaring til Namsos samfunnshus i november 2025.

06 KONKLUSJON

Balkongen i øvste etasje i kontorfløya.

VEGEN VIDARE

Arbeidet med dette kunnskapsheftet har vist oss eit hus med langt fleire kvalitetar enn det som er synleg ved fyrste augekast. Bak ein slitt fasade og eit rykte som «tomt» og «utdatert» finn me eit bygg som framleis ber på arkitektonisk presisjon, materiell rikdom og sosial relevans.

Samfunnshuset er ein viktig del av historia om Namsos. Som gjenreisingsbygg står det som eit fysisk vitnesbyrd om ein avgjerande periode i byen si utvikling – frå den totale øydeleggjinga i 1940 til ferdigstillinga i 1961, då huset markerte at gjenreisinga var fullført. Som typologi representerer det ein arkitektur og ein samfunnsidé som i dag er underrepresentert i norsk bygningsvern: trua på fysiske møtestader som grunnlag for fellesskap og demokrati. Som fysisk objekt har det arkitektoniske kvalitetar – i form, materialbruk og detaljering – som tåler å bli sett opp mot dei beste døma på norsk etterkrigsarkitektur.

Samstundes er huset i ein kritisk tilstand. Vedlikehaldsetterslepet er stort, dei tekniske systema er utdaterte, og bygget oppfyller ikkje dagens krav til universell utforming, inneklima eller branntryggleik. Ei rehabilitering vil krevja omfattande inngrep – og dermed òg vanskelege avvegingar. Spørsmålet er ikkje om huset skal endrast, men korleis: kva som skal takast vare på, kva som kan vika, og kva som ikkje kan inngå kompromiss på.

Riksantikvaren si pågåande freding av fasadar, foajé og festsalar gjev eit klart utgangspunkt. Men freding åleine løyser ikkje utfordringa. Huset må òg fyllast med liv. Den noverande aktiviteten – kor, korps, kulturskule, frivillige lag, seremoniar – viser at behovet for samlingslokale i Namsos sentrum er stort, og at Samfunnshuset framleis fungerer som det det ein gong vart bygd for å vera: ei storstove for byen. Med utløpet av leigeavtalen hjå Rock City i 2031, og med ein kommune som leitar etter løysingar for både kino, seremonirom og frivilligheit, er tidspunktet for å tenkja heilskapleg om huset no.

Vår vurdering er at Samfunnshuset bør førast vidare som det det opphavleg var: eit hus for fellesskapet. Men det krev ein medviten balanse. Endringane må auka verdien av huset, ikkje forringa han. Tiltaka må vera naudsynte, men ikkje meir enn det. Og prosjekteringa må byggja på respekt for det huset allereie er.

Kunnskapsheftet utgjer grunnlaget for det vidare arbeidet. Det er på bakgrunn av desse funna, vurderingane og refleksjonane at me i prosjektdelen tek til å svara på spørsmålet me starta med: Korleis kan ei arkitektonisk prosjektering bidra til å synleggjera og vidareutvikla potensialet i Namsos samfunnshus? Me meiner at varet ikkje ligg i å laga noko nytt på toppen av det gamle, men i sjå kva som allereie finst i huset – og gje det rom til å bløma igjen.

07 KJELDER

NOTER

1 L.S. / Mittet & Co. AS, «Namsos. Samfunnshuset» [fotografi], 1961, Nasjonalbiblioteket, lese 11. mai 2026, https://urn.nb.no/URN:NBN:no-nb_digifoto_20170731_00059_NB_MIT_KNR_00578.
2 Google, Google Maps, skjermdump teke 11. mai 2026, https://www.google.com/maps.
3 Felles-Avisa, «Samfunnshuset i 1971» [fotografi], 1971, lasta opp 27. mars 2015, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/16323726654/in/photostream/.
4 Knut A. Rosvold, «Namsos», i *Store norske leksikon*, sist oppdatert 4. mars 2026, henta 2. mai 2026, https://snl.no/Namsos.
5 Namsos kommune, «Historien vår», sist endra 7. august 2025, henta 2. mai 2026, https://namsos.kommune.no/politikk-og-organisasjon/velkommen-til-namsos/historien-var/historien-var/.
6 Sverre Pedersen, Brente steders regulering B.S.R.: Noen meddelelser om reguleringsarbeidet i de krigsherjede byer og steder (Oslo: Norges arkitektforbund, 1944), henta frå https://img4.custompublish.com/getfile.php/1127317.1384.cryewtpvec/bsr%2B03%2Bnamsos.pdf?return=gjenreisingsbyer.custompublish.com.
7 Odd Thoresen Design og arkitektur, Formingsveileder for Namsos sentrum, rapport, Namsos kommune, Teknisk seksjon, 1997, henta frå https://namsos.kommune.no/_f/p1/i3533d86b-83ea-4e97-82c4-863050fd75f3/9-formingsveileder-for-namsos-sentrum.pdf.
8 Jon Hildrum, Namsos-boka: Glimt fra byens historie gjennom 150 år (Namsos: Nye Hojem Trykkeri a.s., 1995), 24, henta frå https://www.nb.no/items/URN:NBN:no-nb_digibok_2015113008056?page=47.
9 Hildrum, Namsos-boka, 36.
10 Odd Thoresen, Design og arkitektur, Formingsveileder for Namsos sentrum, rapport, Namsos kommune, Teknisk seksjon, 1997, 10, henta frå https://namsos.kommune.no/_f/p1/i3533d86b-83ea-4e97-82c4-863050fd75f3/9-formingsveileder-for-namsos-sentrum.pdf.
11 Hildrum, Namsos-boka, 45.
12 Hildrum, Namsos-boka, 45.
13 Hildrum, Namsos-boka, 73.
14 Hildrum, Namsos-boka, 73.
15 Hildrum, Namsos-boka, 75.
16 Hildrum, Namsos-boka, 75.
17 Hildrum, Namsos-boka, 75.
18 Hildrum, Namsos-boka, 80.
19 Hildrum, Namsos-boka, 85.
20 Hildrum, Namsos-boka, 82.
21 Hildrum, Namsos-boka, 46.
22 Hildrum, Namsos-boka, 82.
23 Arne Gunnarsjaa, «Brente steders regulering», i *Store norske leksikon*, sist oppdatert 26. november 2024, henta 2. mai 2026, https://snl.no/Brente_steders_regulering.
24 Pedersen, Brente steders regulering B.S.R., 16.
25 Pedersen, Brente steders regulering B.S.R., 5.
26 Hildrum, Namsos-boka, 89.
27 Pedersen, Brente steders regulering B.S.R., 8.
28 Pedersen, Brente steders regulering B.S.R., 8.
29 Hildrum, Namsos-boka, 90.
30 Odd Thoresen Design og arkitektur, Formingsveileder for Namsos sentrum, 14.
31 Odd Thoresen Design og arkitektur, Formingsveileder for Namsos sentrum, 14.
32 Riksantikvaren, NB! Kulturmiljøer av nasjonal interesse i byer og tettsteder [kartapplikasjon], henta 2. mai 2026, https://riksantikvaren.maps.arcgis.com/apps/webappviewer/index.html?id=43a25b7d4d474f36ade60f9a69e620f0.
33 Riksantikvaren, «Oversikt over kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse», publisert 11. januar 2023, sist endra 21. november 2025, henta 2. mai 2026, https://riksantikvaren.no/oversikt-over-kulturmiljo-og-landskap-av-nasjonal-interesse/.
34 Knut A. Rosvold, «Namsos», i *Store norske leksikon*, sist oppdatert 4. mars 2026, henta 2. mai 2026, https://snl.no/Namsos.
35 Rosvold, «Namsos».
36 Bastian Øien Alstad, «Brukte 90 mill. og har fått inn 84 mill. i leige. No er Rock City-bygget selt for over 140 mill. – og leigekontrakten ligg fast i mange år til», Namdalsavisa, 2. september 2022,https://www.namdalsavisa.no/brukte-90-mill-og-har-fatt-inn-84-mill-i-leie-na-er-rock-city-bygget-solgt-for-over-140-mill-og-leiekontrakten-ligger-fast-i-mange-ar-til/s/5-121-1094317
37 Rosvold, «Namsos».
38 Namsos kommune, «Melding om vedtak – vedtatt reguleringsplan Namsos sentrum, sjøfronten og østre byområde», publisert 2. juni 2023, sist endra 17. september 2024, henta 2. mai 2026, https://namsos.kommune.no/planportal/reguleringsplaner/vedtatte-planer/melding-om-vedtak-vedtatt-reguleringsplan-namsos-sentrum-sjofronten-og-ostre-byomrade.27867.aspx.
39 Namsos kommune, Reguleringsbestemmelser for Namsos sentrum, sjøfronten og østre byområde, vedtatt 25. mai 2023, 4, https://namsos.kommune.no/planportal/_f/p16/i8d9cea92-ffeb-49f1-9049-d595b0d844ad/bestemmelser-namsos-sentrum-vedtatt-25052023.pdf.
40 Namsos kommune, Reguleringsbestemmelser for Namsos sentrum, 14.
41 Namsos kommune, Reguleringsbestemmelser for Namsos sentrum, 8.
42 Namsos kommune, «Fakta om Fellesprosjektet», publisert 25. mai 2022, henta 2. mai 2026, https://namsos.kommune.no/aktuelt/fakta-om-fellesprosjektet.21778.aspx.
43 Namsos kommune, «Fakta om Fellesprosjektet».
44 Tone Aftret, «Fellesprosjektet stoppet – har ingen plan B for kultursektoren», Namdalsavisa, 22. juni 2025, henta 2. mai 2026, https://www.namdalsavisa.no/fellesprosjektet-stoppet-har-ingen-plan-b-for-kultursektoren/s/5-121-1457920.
45 E. Olsen, «Namsos ca. 1890» [fotografi], ca. 1890, NTNU Universitetsbiblioteket, lasta opp 10. mars 2018, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/26852518738/in/photostream/.
46 Schrøder, «Namsos i ruiner etter bombingen i 1940» [fotografi], 1940, Sverresborg Trøndelag Folkemuseum, lese 11. mai 2026, https://digitaltmuseum.no/021017975496/namsos-i-ruiner-etter-bombingen-i-1940-kopi.
47 Henning Larsen Architects AS, [skisse over Nexans-tomta] [skisse], i Espen Fossland, «Her er de første skissene over Nexans-tomta: – Vi har passert en milepæl», Namdalsavisa, 25. oktober 2023, lese 11. mai 2026, https://www.namdalsavisa.no/fellesprosjektet-arkitektene-traff-blink/o/5-121-1242347.
48 Namsos Bys Historielag, «Namsos 1936» [fotografi], 1936, lasta opp 22. mars 2013, Flickr, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/8579396115/in/photostream/.
49 Namsos Bys Historielag, «Havnegata i 1935» [fotografi], 1935, lasta opp 25. juni 2015, Flickr, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/19141678835/in/photostream/.
50 Namsos Bys Historielag, «Kirka og parken ca. 1930» [fotografi], ca. 1930, lasta opp 22. desember 2018, Flickr, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/46365221702/in/photostream/.
51 Birger Dahl, «Vinter ved Orient ca. 1930» [fotografi], ca. 1930, lasta opp 25. oktober 2012, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/8121592926/in/photostream/.
52 Berlingske Tidende, «Namsos våren 1940» [fotografi], 1940, lasta opp 16. november 2023, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/53335495844/in/photostream/.
53 Per Renbjør, «Namsos i 1941» [fotografi], 1941, Levanger Fotomuseum, lasta opp 20. mars 2020, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/49679764192/in/photostream/.
54 Axel Sellæg, «Havnegata på 1990-tallet» [fotografi], 1990-talet, lasta opp 1. mars 2019, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/33371845338/in/photostream/.
55 Birger Dahl, «Martnasplassen rundt 1970» [fotografi], ca. 1970, lasta opp 8. oktober 2021, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/51565456210/in/photostream/.
56 Birger Dahl, «Namsos samfunnshus i 1961» [fotografi], 1961, lasta opp 26. oktober 2012, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/8124398017/in/photolist-2djJffW-pvtyPv-dnVEtT-oem6Jp-BMGGMM-2rBCXyq-2rHm87j-2rMqySR-2pmSM5e.
57 Morten O. Haugen, «Samfunnshus», i *Store norske leksikon*, sist oppdatert 4. mars 2025, henta 2. mai 2026, https://snl.no/samfunnshus.
58 Rinnan, «Samfunnshus – medborgarhus», 110.
59 Harald Berntsen, 100 år med Folkets Hus (Oslo: Tiden Norsk Forlag, 1987).
60 Haugen, «samfunnshus».
61 Sigrid Vadstein, «Riv eller ny giv? Samfunnshuset i Namsos» (masteroppgåve, NTNU, 2020).
62 Vadstein, «Riv eller ny giv?».
63 Vadstein, «Riv eller ny giv?».
64 Vadstein, «Riv eller ny giv?».

65 Namsos Samfunnshus, «Bygging av Samfunnshuset» [fotografi], u.å., lasta opp 11. februar 2022, Flickr, Namsos Bys Historielag, lese 8. mai 2026, https://www.flickr.com/photos/89083298@N06/51875032418/in/photostream/.
66 Nina Berre, «Herman Krag», i *Norsk biografisk leksikon*, sist oppdatert 26. november 2024, henta 2. mai 2026, https://nbl.snl.no/Herman_Krag.
67 Gunnar Hojem, styreleder, Namsos historielag, i samtale med forfattarane, Namsos, 3.februar 2026.
68 Namsos kommune, Sentrale bygg og byrom i gjenreisingsbyen Namsos, u.å., henta 2. mai 2026, https://namsos.kommune.no/planportal/_f/p16/i380a6e14-4774-435e-a97d-ff904325999c/19-sentrale-bygg-med-vern.pdf.
69 Pedersen, Brente steders regulering B.S.R., 16.
70 Mats Ivar Sandmo, «Gunnar har studert historien om samfunnshuset, hvem som bygde det og hvordan regningene ble betalt: – Finansieringa var et puslespill uten sidestykke», Namdalsavisa, 1. august 2023, henta 2. mai 2026, https://www.namdalsavisa.no/gunnar-har-studert-historien-om-samfunnshuset-hvem-som-bygde-det-og-hvordan-regningene-ble-betalt-finansieringa-var-et-puslespill-uten-sidestykke/s/5-121-1205844.
